



2022

Årsrapport



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

Del I: Årsmelding frå styret	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Del III: Aktivitetar og resultat 2022	10
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	30
Del V: Vurdering av framtidssikter	34
Del VI: Årsrekneskap 2022	38

Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00
postmottak@hivolda.no

www.hivolda.no

hivolda (Facebook, Instagram, Snapchat og Twitter)

Design

Fantastiske Osberget

Trykk

Printing As

Foto

Karl August Swanstrøm, Tone Solhaug, Kristian Glomnes,
Lea K. Albertsen, Lene Flataker, Maeva Cornella Cecillon, Emil Leenderts

Opplag

30 stk.



Del I: Årsmelding frå styret 2022

Pandemien sette sitt preg på Høgskulen i Volda også ved inngangen til 2022, men i andre halvår har undervisning og studiemiljø kome i meir vanleg gjenge. Høgskulen har utvikla seg gjennom pandemien og pandemien har gitt viktige erfaringar og mykje læring om mellom anna undervisning og læringsformer. Høgskulen har arbeidd systematisk med erfaringar frå pandemi-perioden og vidareutvikla kompetanse knytt til undervisning, arbeidsmåtar og læring. Styret vil gi ros til studentar og tilsette for måten dei har møtt pandemien på gjennom fleire vanskelege år.

Arbeidet i styret

Høgskulen i Volda hadde seks ordinære styremøte i 2022, og i tillegg hatt tre omframme møte i samband med tilsetting av ny høgskuledirektør og søknad om akkreditering av nytt doktorgradsprogram. Styret har fått orienteringar om korona-situasjonen, lærarutdanningane og utvikling i avsetningane. Styret gjennomfører årlege og løpande evalueringar av arbeidet sitt og er nøgd med at arbeidet i styret har hatt ei positiv utvikling.

Styret er nøgd med den overordna økonomiske gjennomføringa i 2022. Drifta var framleis prega av pandemien og høgskulen har ikkje klart å gjennomføre alle planlagde tiltak fullt ut, og avsetningane vart dermed heller ikkje redusert. Store delar av avsetningane blir i 2022-23 brukt til oppussing av Hans Strøm-huset. Dette er det største og viktigaste prosjektet i investeringsplanen som styret vedtok i 2021, med ei samla kostnadsramme på over 100 millionar kroner. Oppussinga vil gi oppdaterte og betre læringsareal for studentane, og den vil gi eit stort løft for undervisnings- og læringsmiljøet på høgskulen.

Som oppfølging av høgskulen sin strategiplan for 2022–2029, har styret i 2022 utvikla og vedtatt ein strategisk handlingsplan for perioden 2022-25. Parallelt har styret arbeidd med ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet for åra for 2023–2026. Styret har lagt stor vekt på å sjå utviklingsavtalen og strategien i samanheng, og på å lage eit samanhengande planverk for høgskulen for dei komande åra.

Første periode med utviklingsavtale (2019–2022) er no avslutta. Den er gjort greie for i del IV av årsrapporten. Styret er godt nøgd

med effektane utviklingsavtalen har hatt for Høgskulen i Volda. Den har gitt eit godt utgangspunkt for vidare forbetring og utvikling.

Utdanning, forskning og organisasjon

Høgskulen har dei siste åra hatt ca. 4.500 studentar. Styret er uroa over nedgangen i talet studentar på somme av lærarutdanningane, men det er samstundes positivt at det er fleire som tek vidareutdanning.

Våren 2022 hadde Høgskulen i Volda få skriftlege skuleeksamenar. Eksamensforma vart bestemt tidleg for å gi tydelege rammer både for studentar og fagtilsette. Hausten 2022 vart eksamen gjennomført utan pandemirestriksjonar. Høgskulen har i dag langt færre skuleeksamenar enn før pandemien.

NOKUT har i 2022 godkjent kvalitetssystemet til Høgskulen i Volda. Styret arbeider vidare med forenkling og tydeleggjering av kvalitetsarbeidet og den strategiske studieporteføljen. Styret ber om at høgskulen held fram det gode arbeidet med å betre gjennomstrøyminga på masterutdanningane, sjølv om ein ser ein liten nedgang i gjennomføringsgrad frå 2021, frå 39 til 37 prosent. Ein stor del av studentane på bachelorutdanningane gjennomfører på normert tid, men i 2022 var det ein nedgang til 56 prosent, frå 66 prosent i 2021.

Det er gledeleg at den internasjonale studentutvekslinga har kome svært godt i gang att etter pandemien.

Styret meiner det er svært gledeleg at kvinner no utgjer 35 prosent av alle toppkompetente, mot 25 prosent i 2021. Ei viktig forklaring på denne gode utviklinga er blant anna godt arbeid gjennom forskingsrådsprosjektet Kvinneløftet.

Høgskulen har i utgangspunktet budsjetttramme for 22 stipendiatar, men ved utgangen av 2022 var det over 40 som var i doktorgradsløp ved høgskulen. Dei to siste åra har det vorte tilsett mange nye stipendiatar, noko styret vurderer som eit viktig kompetansebyggjande og strategisk tiltak. Våren 2023 tilset høgskulen ein stipendiat innan berekraft i ei stilling finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Hausten 2022 vedtok styret å søke NOKUT om akkreditering av ei ny ph.d.-utdanning med utgangspunkt i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Tittelen på studiet er: «Utdanning, språk og kultur.» Det er venta svar på akkrediteringssøknaden før årsskiftet 2023–2024. Høgskulen vil prioritere stipendiatstillingar inn mot ph.d.-utdanningane.

Også i 2022 har høgskulen arbeidd vidare med tiltak for å auke publisering og tal på forskingssøknader. Det vart sendt 8 søknader til Forskningsrådet i 2022, og det er truleg fleire enn nokon gong tidlegare. Høgskulen har dei siste åra redusert talet studiepoeng per fagleg tilsett, noko som frigir tid til forskning, publisering og søknadsarbeid. Forskningsgruppene har ikkje klart å gjennomføre

alle planlagde aktivitetar i 2022, men styret ventar at det blir auka aktivitet i 2023.

Bidrags- og oppdragsinntektene har auka mykje i 2022. Bidragsinntektene frå Forskningsrådet vart nesten dobla. Andre bidrags- og oppdragsinntekter hadde også ein betydeleg auke. Styret ser at det har vorte lagt ned ein stor innsats over mange år for å auke desse inntektene, og er nøgd med den positive utviklinga. Ein ser samtidig at høgskulen framleis ligg lågt i sektoren når det gjeld BOA-inntekter.

Hausten 2022 tilsette styret Ann Kristin Emblem som høgskuledirektør i fast stilling etter Karen Lomeland Jacobsen, som sa opp stillinga i første halvår.

Styret er nøgd med at del mellombels tilsette har minka fleire år på rad. Sjukefråværet derimot har ikkje minka, og styret ventar at det blir arbeidd vidare for få redusert sjukefråværet. Styret er glad for at HK-dir vurderer det slik at høgskulen driv godt arbeid med informasjonstryggleik.

Tilhøve som har verka inn på resultatata

Pandemien har berre til ein viss grad verka inn på resultatata for 2022. Vi merka særleg i første halvår at mange aktivitetar vart forseinka, utsett eller avlyst. I andre halvår var samfunnet opna,



men vi er bevisst på at pandemien har hatt sterk innverknad både på studentar og tilsette sin studie- og arbeidskvardag dei siste to-tre åra.

På grunn av krigen i Ukraina har Høgskulen i Volda suspendert samarbeidsavtalane med tre russiske universitet, men inngår i 2023 ein samarbeidsavtale med eit ukrainsk universitet. Høgskulen fekk tildelt fem studieplassar som skulle gå til flyktningar, og desse vart tildelt studiet Norsk for internasjonale studentar (NIS).

Dei viktigaste prioriteringane for åra framover

Høgskulen har vedtatt ny strategiplan (2022–2029), ny handlingsplan (2022–2025) og inngått ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet for åra 2023–2026. Dette signaliserer nye og ambisiøse planar for høgskulen for dei komande åra, og

gir eit godt grunnlag for arbeid for det nye rektoratet, styret og dekanane som tiltrer 1. august 2023. Samtidig må høgskulen vere budd på interne omstillingar for å møte framtidens behov.

Andre utvalde område som vi arbeider særskilt med, er framleis:

- Betre gjennomstrøyming på masterutdanningane
- Auke vitskapleg publisering
- Auke bidrags- og oppdragsinntekter
- Rekruttering og kompetanseheving mot første- og toppkompetanse
- Styrke arbeidslivsrelevansen i utdanningane
- Vurdere oppstart av helsefaglege utdanningar og grunnskulelærerutdanning i Kristiansund

Volda, 9. mars 2023, Høgskulen i Volda ved styret



Johann Roppen



Randi Myklebust



Inger Østensjø



Mats Ekeberg



Cecilie Røeggen



Geir Terje Ruud



Eirik Søvik




Bodil Palma Hollingsæter



Roar Tobro



Silje Louise Dahl



Irmelin Johanne Angell Losvik

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda bygger på samfunnsvitskap og humaniora og er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar. Vi utdannar for og forskar på velferdssamfunnet. Vi møter behova i regionen, og er samstundes ein nasjonal og internasjonal aktør. Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur

HVO sin visjon er kompetanse for eit betre samfunn

- Vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn.
- Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Høgskulen i Volda vedtok ny strategiplan for 2022–2029 i desember 2021. I strategiplanen er det peika ut fire strategiske satsingsområde for første del av strategiperioden, 2022–2025:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet
2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga
3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt
4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Forsking og utvikling (FoU)

HVO vil arbeide for ein sterk kultur for forsking og utviklingsarbeid gjennom kompetansebygging, mentorordning og kvalitetsorientering. I 2022 hadde høgskulen 256 faglege årsverk, der omlag halvparten hadde første- eller toppkompetanse. Stipendiatane utførte 43 årsverk, og vi hadde fire eigne disputasar på doktorgradsprogrammet saman med Høgskolen i Molde. I tillegg disputerte ein av våre stipendiar på eit program ved ein annan institusjon.

Studietilboda

HVO gir fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur, og tilbyr ein ph.d. i helse- og sosialfag som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde. HVO tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei

rekke årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nett. Høgskulen har følgjande mastergradar: grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn; grunnskulelærarutdanning for 5–10 trinn; barnhagekunnskap; spesialpedagogikk; erfaringsbasert mastergrad i undervisning og læring; kultur møte; helse og sosialfag – meistring og myndiggjering; skriftkultur; samfunnsplanlegging og leiing; og «Master in media practices». I tillegg har vi ein master i helseleiing i lag med Høgskolen i Molde og NTNU.


Fleksible studieformer

Med nærmare 1.400 studentar på nett- og desentralisert undervisning er HVO ein stor tilbydar av distanseovergripande studium. Høgskulen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid, eller studium og andre aktivitetar.

Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har om lag 110 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. I eit normalt år tek HVO imot om lag 200 studentar frå heile verda.

Organisasjonskart



i

Høgskulen i Volda er underlagt Kunnskapsdepartementet, og høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande elleve medlemmar: Rektor, tre medlemmar valde mellom tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein medlem valt mellom dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmar valde mellom studentane og fire eksterne medlemmar utpeika av Kunnskapsdepartementet. Høgskuledirektør og prorektor har møteplikt til alle styremøte, med tale- og forslagsrett.

Hovudtal for Høgskulen i Volda

	2019	2020	2021	2022
Årsverk tilsette	351	353	383	386
Av dette årsverk i UFF-stillingar	237	230	253	264
Registrerte studentar	4 500	4 763	4 699	4 422
Studiepoengproduksjon totalt	2 691	2 643	2 642	2 707
Doktorgradsdisputasar	3	2	5	5
Totale driftsinntekter mill. kroner	398	415	422	477
Av dette løyving	360	375	392	428

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: dbh.hkdir.no

Del III: Aktivitetar og resultat 2022

Pandemien har også i 2022 verka inn på verksemda, særleg frå starten av året og ut over våren. Ein har likevel klart å gjennomføre mykje av den planlagde aktiviteten, og aktivitetsnivået har i løpet av hausten i stor grad vore som planlagt. Det blir arbeidd godt i organisasjonen, og høgskulen er samla sett nøgd med det vi har fått til i 2022. Det er likevel klart at vi må jobbe langsiktig med fleire av dei prioriterte områda før konkrete resultat blir synleg i dei nasjonale styringsparametrane. Verksemda vår er samansett, forventningane høge og det er krevjande å få til ei god nok prioritering i organisasjonen. Det er også grunn til å stille spørsmål om pandemien på kort sikt har verka inn på resultatane knytt styringsparametrane og dei langsiktige målsettingane.

I det følgjande blir resultat og måloppnåing for dei nasjonale styringsparametrane kommentert under kvart verksemdsmål. Til slutt i kapittelet rapporterer vi på utviklingsavtalen med KD, pågåande byggeprosjekt, tildelte midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal og på ekstra løyvingar over statsbudsjettet.

Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning

Nasjonale styringsparametrar

- Andel bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Andel masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten
- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk
- Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar

Verksemdsmål 1.1

HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming.

Styringsparametrar

- Andel bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Andel masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten
- Talet på primær søkerar i samordna opptak
- Talet på kvalifiserte primær søkerar per studieplass

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda fekk i 2022 fornya godkjenning av sitt kvalitetssystem, etter eit tilsyn frå NOKUT i 2020. Dette har ført til ei tydeleggjering av det systematiske kvalitetsarbeidet, og særleg gjeld dette den periodiske evalueringa av studietilboda. Høgskulen i Volda har arbeidd vidare med kvalitetssystemet i 2022, med å tydeleggjere og spisse evalueringsarbeidet. Målet er både auka kvalitet og mindre ressursbruk knytt til evaluering og rapportering.

Det er også gjennom året arbeidd med forenklingar i revisjonsarbeidet av studietilboda, ny forskrift med tilhøyrande revisjon av ei rekke retningslinjer og rutinar for studiegjennomføringa. Dette arbeidet vil fortsette i 2023. Dette er ressurskrevjande, men er samtidig med på å skape eit tydelegare medvit i organisasjonen med tanke på studiekvalitetsarbeid på alle nivå.

Høgskulen er fornøgd med at framgangen i andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid, ser ut til å halde fram også i 2022. Etter ein framgang frå 14 prosent i 2020 til 39 prosent i 2021, er talet for 2022 37 prosent. Dette er ei svært positiv utvikling, og eit resultat av systematisk arbeid med gjennomstrøyming på mastergradane våre over fleire år.

Samtidig ser ein at andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid går ned frå 2021, til 57 prosent. Det er uklart om til dels store variasjonar frå år til år delvis kan skuldast pandemien. Når det

gjeld andel fullført på normert tid på bachelornivå, har høgskulen i fleire år lege høgt, og det er grunn til bekymring om dette skulle vare ved. Framover vil det difor vere viktig å ha merksemd på dette.

På studiebarometeret gir studentane ein skår på 4,0 på overordna tilfredsheit. HVO har ein framgang her, og ligg no 0,2 over det nasjonale snittet, som går tilbake. HVO ligg også over det nasjonale snittet på alle hovudområda, og har jamt sterke resultat på overordna nivå på studiebarometeret. For nesten alle hovudområde har HVO også framgang frå 2021, unntaket er kategorien «eige engasjement», som har ein svak tilbakegang på 0,1. Det er også verdt å nemne at Høgskulen i Volda har dei mest fornøgde sosionomstudentane i landet, med ein skår på 4,3. Vidare ligg HVO også i landstoppen på generell tilfredsheit i utdanningane innan barnevern og grunnskulelærar, samanlikna med tilsvarende utdanningar. Samla sett viser dette at HVO har jamt over nøgde studentar. HVO arbeider vidare med resultatane frå studiebarometeret i organisasjonen og nyttar dette inn i det løpande kvalitetsarbeidet.

Studentane rapporterer også at dei nyttar noko meir tid på studia i 2022, samanlikna med 2021 – opp frå 27 timar i 2021 til 29,4 timar i 2022. Dette er framleis under det nasjonale snittet, og vi vil fortsette det systematiske arbeidet for å auke studentane sin motivasjon og engasjement i studiekvardagen.

Høgskulen har ambisjon om å styrke inntakskvaliteten. Høgskulen har i 2022 ein nedgang i talet på primær søkerar i Samordna opptak, og tilsvarende lågare tal på kvalifiserte primær søkerar etter mange år med stabile tal. Trass i dette er talet på søkerar som har møtt til studiestart, ikkje endra frå 2021 til 2022.

Barnehagelærerutdanninga har framleis nedgang i talet på søkerar frå i 2021, og i 2022 er det svake søkental på fleire av lærarutdanningane. Dette er viktige utdanningar for høgskulen, og det er arbeid i gang både for å kartlegge moglege årsaker og tiltak for å auke rekrutteringa. Vi ser også at dette er ein nasjonal trend, men ser samtidig at Høgskulen i Volda er særleg sårbar for slike trendar nasjonalt.

Gjennomsnittsalderen på studentane ved Høgskulen i Volda er relativt høg, og har vore stabil over mange år. Dette har samanheng med høgskulen sitt studietilbod, både andel EVU-tilbod og eit breitt tilbod med deltids-, nett- og samlingsbaserte undervisningsformer som lar seg kombinere med mellom anna arbeid.

Verksemdmål 1.2

HVO skal styrke forskningsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa.

Styringsparametrar

- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

Vurdering av resultat og måloppnåing

Førebelse tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk tyder på at vi har hatt ein nedgang frå 0,45 i 2021 til 0,43 i 2022, men dette vil variere mellom avdelingane. Endelege tal ligg føre i april. HVO har framleis utfordringar med å auke talet på publikasjonspoeng per faglege årsverk, og vi har ikkje nådd målet om 0,6 publikasjonspoeng per faglege årsverk. Årsakene er samansette. Pandemien påverka truleg publiseringa i 2022 også, ettersom mykje av arbeidet med publikasjonane vart gjort under nedstenginga med meirarbeid med omlegging av undervisning og dårlegare arbeidstilhøve på heimekontor for enkelte. HVO står dessutan i eit generasjonsskifte og har mange nyttilsettingar blant dei vitenskapleg tilsette. Det tek litt tid før nyttilsette kjem i gang med publisering.

Det blir arbeidd systematisk for å auke publiseringa. Etter at høgskulestyret vedtok å auke forskningsmidlane med 2 millionar kr i 2021-budsjettet, vart det tilsett fleire professor II-arar. HVO har i dag 12 II-ar-stillingar, og nokre av dei jobbar konkret med støtte til tilsette som skriv vitenskaplege artiklar. Hausten 2022 vart det arrangert kurs i å skrive vitenskapleg tidsskriftartikkel med høgskulelektorar som målgruppe. Det er etablert eit erfaringsforum for forskingsleiarar, og forskingsgruppene har fokus på sampublisering på tvers av kompetansenivå.

I 2022 nådde vi målet om å vere prosjekteigar på 8 søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. Det vart arrangert eit motivasjonsseminar for å sende søknader om forskingsprosjekt til Forskringsrådet seinhausten 2021 og eit informasjonsmøte om Horisont Europa hausten 2022. Dette resulterte i at det vart sendt seks søknader der vi var prosjekteigar til Forskringsrådet i 2022. Søknadene fordelte seg jamt på samarbeidsprosjekt og forskarprosjekt. Tre av søknadene var forbetra frå 2021. Om hausten vart det sendt ein søknad om samarbeidsprosjekt for å styrke forskning og forskarrekruttering i musea. Diverre fekk ingen av desse søknadene tilslag, men vi fekk tilslag på eitt nytt prosjekt der vi er partner. Fleire av søknadene vil bli forbetra og sendt inn på nytt i 2023. I tillegg vart det for første gong sendt ein ERC starting grant-søknad til EU der svar kjem i 2023. Fem av åtte prosjektleiarar for søknadene var kvinner i 2022. Det viktigaste tiltaket for å



auke tilslaget på forskingssøknader er å auke publiseringa, då omfattande publisering på området er eit viktig kriterium når forskingsprosjekta blir evaluerte. Vi jobbar også vidare med å heve kvaliteten på søknadene som blir sendt inn.

Verksemdmål 1.3

HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet.

Styringsparametrar

- Verdien av Horisont 2020/Europa-kontraktar per FOU-årsverk
- Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar
- Talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har for tida ingen Horisont Europa-prosjekt. I 2022 har vi hatt prosjektetableringsstøtte for Horisont Europa frå Forskingsrådet. Det er laga ein handlings- og tiltaksplan for å kome i gang med søknadsarbeid til Horisont Europa dei komande åra, og Forskingsadministrasjonen har arrangert eit infomøte om utlysingane som vekte interesse. I 2022 vart det sendt éin søknad til ERC om starting grant.

Vi har hatt ein auke i andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av samla tal studentar. Denne parameteren er likevel ikkje eit godt mål på utveksling ved Høgskulen i Volda, då eit fleirtal av studentane ved HVO er registrert på kortare studieprogram som ikkje tillèt utveksling. Ser ein berre på gradstudentane har høgskulen over år hatt plus/minus 20 prosent som har utveksla i løpet av bachelor-/mastergraden ved HVO.

Talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande – er i ferd med å ta seg opp etter pandemien. Det er ein svært positiv auke på talet utvekslingsstudentar samla, frå 150 til 240 i 2022, noko som er godt over forventningane for 2022. Det er særleg innreisande utvekslingsstudentar som raskare er tilbake til normalen frå før pandemien.

Det er vedtatt ein ny plan for internasjonalisering for åra 2022–2025. Tiltak for å auke utvekslinga er sett i verk, og det er merksemd på å legge godt til rette for utveksling på dei ulike studieprogramma. Nokre studieprogram har ein stor andel utveksling, særleg innan mediefag. På andre fagområde er det viktig med auka synleggjering av moglegheitene for utveksling i alle studieplanar og informere om dette til utvalde studentgrupper.

Framleis er sosialarbeidarutdanningane våre mellom dei beste i landet på praksis i utlandet, noko som er eit resultat av systematisk arbeid over tid.

		2019	2020	2021	2022	Ambisjon 2023
Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	58%	63%	66%	57%	65%
Andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	28%	14%	39%	37%	40%
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten	KD	4,0	3,9	3,9	4,0	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	KD	30	29	28	29	33
Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk	KD	0,46	0,82	0,45	(0,43)*	0,6
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	KD	0	0	0	0	
Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	KD	0,9 %	0,4 %	0,7 %	1,4 %	1,5 %
Talet på primærskjalar i samordna opptak	HVO	1 349	1 449	1 400	1 087	1 400
Talet på kvalifiserte primærskjalar per studie plass	HVO	1,5	1,5	1,5	1,14	1,6
Talet på utvekslingsstudentar - inn- og utreisande	HVO	239	94	149	240	250
Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	HVO	7	3	4	8	8
Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar	HVO	19%	12%	12 %	(12%)*	20%

*Førebels estimat. Endeleg tal vert rapportert i DBH 1. april.

HVO har potensial for å bli betre på nasjonalt- og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid, ei satsing som også er forsterka i ny strategiplan. I 2022 starta vi opp ei ordning for lengre utanlandsopphald for faglege tilsette, og dei første tilsette reiser ut i 2023. Vi har to Erasmus+ og eit internasjonalt forskingsprosjekt som vi leier.

Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Nasjonale styringsparametrar

- Andel masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning
- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

Verksemdmål 2.1

HVO skal vere relevant for samfunnsutfordringane i framtida.

Styringsparametrar

- Andel masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

Vurdering av resultat og måloppnåing

Tal på andel masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid for 2022 er ikkje tilgjengeleg enno. Tal frå 2020 viser ein auke på ca. 9 prosentpoeng frå 2019, til 91 prosent. Tilsvarende tal for 2021 var 92 prosent. Dette er gode tal som viser at utdanningane ved Høgskulen i Volda er relevante for det arbeidslivet som møter studentane etter fullført utdanning.

Høgskulen ved Avdeling for kulturfag og Avdeling for mediefag fekk i 2021 tilslag frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) på eit samarbeidsprosjekt for auka arbeidslivsrelevans i dei praktiske utdanningane. Søknaden vart sendt inn i samarbeid med fire arbeidsplassar i regionen, og fekk fullt tilslag på 5 millionar kroner. Prosjektet «Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap i medie- og kulturfag» (POE-prosjektet) omhandlar utvikling av samarbeidet med praksisfeltet, utprøving av oppdragsnettverk mellom studentar, arbeidsliv og fagtilsette, og oppretting av entreprenørskapseining for å auke medie- og kulturfaga sin relevans for arbeidslivet. Det har vore arbeid godt i prosjektet gjennom heile 2022.

Verksemdmål 2.2

HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Styringsparametrar

- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk



Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO har auka BOA-inntektene frå Forskingsrådet (NFR) per fagleg årsverk frå 11 i 2021 til 19,5 i 2022. Ambisjonen for 2022 var 14. Dei to største prosjekta i inntekter, forskarprosjektet Digihand og støtteaktiviteten Kvinneløftet, vart begge avslutta i 2022. Digihand og andre NFR-prosjekt bidreg til auka publisering, intern kompetanseheving og ny kunnskap. I 2022 vart HVO med som partner på eit nytt NFR-prosjekt. Vi jobbar kontinuerleg med å heve søknadskompetansen i organisasjonen.

Høgskulen har hatt ein relativt stor auke i andre BOA-inntekter, og har no betra resultatet på den nasjonale styringsparameteren. Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk har auka frå 127 til 146 frå 2021 til 2022. Dette er HVO godt nøgd med. I POE-prosjektet (Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap i medie- og kulturfag) som HVO fekk tilslag på i 2021, er den maritime foreininga MAFOSS, Norveggen, Sunnmøre kulturnæringshage og Møre og Romsdal fylkeskommune hovudsamarbeidspartnarar. Midlane (5 millionar kroner) gjeld for perioden 2022–2025.

Av aktivitetar som skal støtte opp under verksemdmålet om å vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping, held arbeidet med Norsk Innovasjonssenter fram. HVO har forlenga samarbeidsavtalen med Sunnmøre kulturnæringshage der målet er å etablere aktivitet med fokus på innovasjon og arbeidslivsrelevans. Den eksterne evalueringa av dei organisatoriske rammene og det kunstnarlege handlingsrommet for Seanse – senter for kunstproduksjon er følgd opp. Målet er å forsterke arbeidslivsrelevansen for kultur- og utdanningssektoren. Vidare utvikling av samarbeidet med Møre og Romsdal fylkeskommune og Seanse må sjåast i lys av evalueringa.

Bidrag- og oppdragsaktivitet på HVO har, som vist over, auka det siste året. Dette har mellom anna samband med auka løyvingar frå Statsforvaltaren til tilskotsordningane (ReKomp/Dekomp/KompLøftet) og partnerskapet vårt med skular og barnehagar. Totalt har vi i 2022 om lag 7 000 timar ute i praksisfeltet. Dette utgjer ca. 11,5 millionar kroner i inntekt.

Aktiviteten i ordningane for lokal kompetanseutvikling (Rekomp, Dekomp og KompLøftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis) er stor, og femner om lag 50 fagtilsette i tillegg til dei administrativt tilsette som er knytt til ordningane. Fleire av dei vitenskapleg tilsette er aktive i to av ordningane, samstundes som dei underviser i lærarutdanningane våre. Dette bidreg til samanheng mellom dei ulike delane av ordningane, samtidig som tilsette sitt arbeid i ordningane gjer utdanningane våre meir praksisnære.

Tilsette frå HVO deltek i utviklingsarbeid innanfor ulike tema både på Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre og Romsdal, samt i Møre og Romsdal fylkeskommune. Arbeidet omfattar mange av barnehagane og skulane i fylket. Dei fagtilsette arbeider aktivt inn mot både lærar- og leiarnivå ute i regionane for å bidra til at utviklingsarbeidet som vi deltek i, er forskingsbasert både i fagleg innhald og i form. I 2022 har mykje av aktiviteten i Kompetanseløftet vore knytt til behovskartlegging i kommunane (KOSIP), som er ein del av eit forskingsprosjekt i samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren.

Verksemdmål 2.3

HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt.

Styringsparametrar

- Talet på publiserte kronikkar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi nådde ikkje målet for talet på publiserte kronikkar og hadde ein liten nedgang samanlikna med 2021. Vi har eit potensial for å bli tydelegare i den offentlege debatten. Det er øyremerka ei stilling i fellesadministrasjonen til formidling av FOU-arbeidet ved Høgskulen i Volda. Ressursen vil vere på plass våren 2023. For å gjere forskarane våre meir tilgjengelege er det utarbeidd ekspertlister for nokre fagområde. Medietrening av fagfolk er gjennomført på nokre område i 2022 og vil bli arbeidd vidare med framover.

		2019	2020	2021	2022	Ambisjon 2023
Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	KD	12	11	12	20	20
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	KD	102	128	127	146	146
Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	KD	82%	91%	92%	I/T	92%
Talet på publiserte kronikkar	HVO	39	32	30	28*	35

* Førebels tal

Sektormål 3 - God tilgang til utdanning

Nasjonale styringsparametrar

- Kandidattal på lærarutdanningane, jf. måltal

Vurdering av resultat og måloppnåing

Kandidattala, både for barnehagelærarutdanninga og PPU, ligg over måltala også i 2022. Dette er vi godt fornøgd med.

For grunnskulelærarutdanningane er det første året med kandidatar etter normert studietid etter omlegging frå 4 til 5-årig masterutdanning. For MAGLU 5–10 er resultatet ikkje langt unna måltala – 26 mot 29. Når det gjeld MAGLU 1–7 er tala svakare – 18 mot eit måltal på 43.

Vi har også i 2022 hatt mange studentar på ordningane «Kompetanse for kvalitet» (KfK) og «Kompetanse for fremtidens barnehage» (KfB). Desse tilboda utgjør samla ca. 13,5 millionar kroner. Resultatet er at mange lærarar og barnehagelærarar både i regionen vår og utanfrå, har teke vidareutdanning under gode vilkår. I tillegg har HVO ei rekke studietilbod som er tilrettelagt for lærarar som vidareutdanningar.

Verksemdmål 3.1

HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase.

Styringsparametrar

- Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen skal vere god på å tilby fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase, samtidig som vi er opptatt av ein god balanse mellom fjerntstudentar og studentar som er på campus til dagleg. Det er også ei strategisk satsing at høgskulen skal auke aktiviteten med etter- og vidareutdanning.

Det har vore eit stort løft når det gjeld digital undervisning som følgje av pandemien, men også fordi vi har fått nye undervisningsrom og arbeid systematisk med opplæring av tilsette og utvikling av nye undervisningsformer. Læringsverkstaden ved Høgskulen i Volda er ei støttetene og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Det er sendt fleire HK-dir-søknader om utvikling av digital undervisning, både der vi er prosjektleiar og i samarbeid med andre.

e.

Verksemdmål 3.2

HVO skal styrke Volda som regional studiestad.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Hausten 2021 stod det nye Sivert Aarflot-huset ferdig.

Medieutdanningane er no samla i eit topp moderne mediehus, og det er eit enormt løft for utdanningane og høgskulen.

I 2022 har vi starta det neste store prosjektet på høgskuleområdet. Ombygging av Hans Strøm-huset vil gje meir opne studentareal og undervisningsrom, som legg til rette for studentaktiv læring og samhandling. Arbeidet er godt i gang og er planlagt ferdig seinhausten 2023. Høgskulen har mottatt 10 millionar kroner i støtte frå Kunnskapsdepartementet, og prosjektet har ei kostnadsramme på over 100 millionar kroner til saman. HVO fekk godkjent søknaden på kurantprosjektet av KD og KDD i juni 2022 og kom i gang etter planen hausten 2022.

Høgskulen har i 2022 også arbeid med andre tiltak i høgskulen sin campusutviklingsplan som vart vedtatt hausten 2020. Vi skal etablere meir opne samhandlingsareal på heile høgskuleområdet, både ute og inne. Mellom anna har kantineområdet i Berthe Kanutte-bygget fått nytt møblelement som har gitt studentane eit nytt og flott areal som blir brukt både til studieaktivitet og sosiale aktivitetar. Vi arbeider med fleire miljøretta tiltak, både i eigen regi og i tett samarbeid med Statsbygg.

Norsk innovasjonssenter er eit viktig samarbeidsprosjekt mellom høgskulen, Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sunnmøre kultur- og næringshage. Formålet med etableringa er å skape ein samhandlingsarena der regionalt og nasjonalt næringsliv, HVO sitt fagmiljø og studentar, helseføretak, kommunar og innbyggjarar i regionen kan møtast, med vekt på innovasjon og næringsaktivitet. Etter planen skal Norsk innovasjonssenter AS etablerast på høgskuleområdet i det nye Aasen-kvartalet som er under planlegging i regi av eit kommunalt utviklingsselskap. I 2021 har det vore lyst ut arkitektkonkurranse, og det er i 2022 arbeid vidare med planlegging av areal og fagleg innhald i kvartalet.

Sektormål 4 - Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Nasjonale styringsparametrar

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Andel kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

		2019	2020	2021	2022	Måltal/ ambisjon 2023
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	233	180	174		
Kandidattal GLU 5–10	KD	40	25	3*	26	29
Kandidattal GLU 1–7	KD	26	15	3*	18	43
Kandidattal BLU	KD	77	70	89	77	59
Kandidattal PPU	KD	90	70	79	83	72
Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning	HVO	1 395	1 325	1 407	1 360	1 400

* Grunna omlegging frå 4-årig til 5-årig GLU-utdanning blei det i utgangspunktet ikkje uteksaminert kandidatar i 2021.

Verksemdmål 4.1

HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar .

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulestyret vedtok ny strategiplan for Høgskulen i Volda 2022–2029, i desember 2021. Høgskulen sin nye visjon «Kompetanse for eit betre samfunn» og strategien tydeleggjer profilen til høgskulen som ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar, som bygger på samfunnsvitenskap og humaniora.

Det er i 2022 sendt søknad til NOKUT om akkreditering av to nye mastergradar og ein søknad om ph.d.-utdanning innanfor lærarutdanningane. Dei to mastergradane er Master i barnevernarbeid og Master i kultur, natur og berekraft.

Vi har formelle samarbeidsavtalar med Høgskulen i Molde og NTNU om ph.d.-utdanning og master i helseleing. Vi har etablert to nye samarbeidsavtalar om forskarskular, og både tilsette ved HVO og stipendiatar/kandidatar har godt utbyte av å bidra i, og vere med på, aktivitetar i forskarskulane.

Avdeling for mediefag samarbeider med Universitetet i Bergen i to HK-dir-finansierte prosjekt, TekLab og Tek.Lab-bedrift. Begge prosjekta inneber både felles forskning, utvikling og undervisning.

Verksemdmål 4.2

HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø.

Styringsparametrar

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Andel kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar
- Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar
- Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

Verksemdmål 4.2

HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø.

Styringsparametrar

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Andel kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar
- Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar
- Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

Vurdering av resultat og måloppnåing

Når det gjeld tal på studiepoeng per fagleg årsverk, er dette redusert til dels markert i 2022 i forhold til jamne tal for tidlegare år. Vi har over tid lege ein del over sektoren, og har hatt ambisjon om å redusere dette talet noko for å styrke kvaliteten i



undervisninga og gi meir tid til forskning for dei tilsette. Vi meiner reduksjonen i 2022 er med på å redusere arbeidspress og sikre tid til mellom anna kompetanseheving.

Høgskulen har ein reduksjon i andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar også i år, og vi meiner vi er på god veg til å nå målet. Vi har i større grad tilsette i faste stillingar, sjølv om finansieringa er basert på kortsiktige midlar. Mange av dei mellombelse stillingane skuldast vikariat for fast tilsette i kompetanseutviklingsløp. Ein høg andel høgskulelektorar på grunn av ein utfordrande rekrutteringssituasjon i regionen gjer at vi satsar på intern kompetanseutvikling. Samtidig har vi ekstra mange fast tilsette med permisjon for å ta doktorgrad eller kortare FoU-stipend.

I 2022 utgjorde kvinner 35 prosent av dei toppkompetente ved HVO mot 25 prosent i 2021. Dette er ein positiv auke på heile 10 prosentpoeng. Vi har dermed nådd ambisjonen på 33 prosent når det gjeld andel kvinner i dosent- og professorstillingar. Ved HVO arbeider vi målretta med utvikling av toppkompetanse generelt, og av kvinneleg toppkompetanse særskild. I 2022 gjennomførte vi det 2-årige Balanse-prosjektet Kvinneløftet med støtte frå NFR, og vi har mellom anna nytta ei mentorordning for tilsette som jobbar mot toppkompetanse. I løpet av 2022 hadde vi åtte opprykk til toppkompetanse – eit rekordresultat. Halvparten av opprykka var frå kvinner.

Ser vi på andel kvinner med førstekompetanse har vi framleis eit godt rekrutteringsgrunnlag for vidare kompetanseutvikling med 46 prosent kvinner. Nedgangen frå 51 prosent i 2021 har mellom

anna samanheng med at fleire kvinner fekk toppkompetanse i 2022. Ambisjonen for 2022 var 50 prosent kvinner med førstekompetanse. Av fire som fekk opprykk til førstemanuensis eller førstelektor i 2022 var det tre kvinner.

Andel tilsette (både faste og mellombelse) med første- og toppkompetanse var på 49 prosent i 2022. Det er ein nedgang frå 53 prosent i 2021. Ambisjonen for 2022 var 55 prosent. På mange fagområde er det utfordrande å rekruttere førstekompetanse eksternt, og høgskulen satsar derfor sterkt på kompetanseutvikling internt, mellom anna gjennom opprykksseminar, auka rettleiing og mentorordning, auka tal på professor-/dosentstipend og fleire stipendiatstillingar.

Høgskulen har eit mål om å implementere prinsippa i Charter and Code, og har dialog med andre institusjonar om korleis ein gjer det på best mogleg måte.

Målsettinga for 2022 var eit totalt sjukefråvær på 5,5 prosent, men enda på 6,9 prosent, som er same nivå som i 2021.

Systematisk opplæring til leiarar har vore ei prioritert oppgåve også i 2022. AMU har fått orientering og støtte opp. Hausten 2022 vart det gjennomført modulbasert leiaropplæring, eit samarbeid mellom Avonova Helse og HVO. Dette var ein del av det strategiske og systematiske HMS-arbeidet, for å bidra til styrking av det psykososiale arbeidsmiljøet for dei tilsette. HR var ansvarleg for opplæring i tilsettingsprosessen, konflikthandtering og sjukefråværsoppfølging – den siste modulen i samarbeid med NAV Ørsta og Volda.

Det psykososiale arbeidsmiljøet blir rutinemessig kartlagt kvart 3. år. HVO nyttar ARK (Arbeidsmiljø- og klimakartlegging), eit verktøy for UH-sektoren utvikla av NTNU. Kartlegging vart gjennomført i desember 2021, 389 vart inviterte til å delta, svarprosenten var 65,6 prosent. Alle einingar har arbeidd med oppfølging etter ARK i 2022. Nokre har nytta metodikken anbefalt frå NTNU, andre har valt andre prosedyrar. Felles er at det har vore sett av tid til å jobbe med ARK-resultata i organisasjonen.

Eit anna verktøy for å kartlegge den enkelte sitt arbeidsmiljø er årleg medarbeidarsamtale. Tilsette skal ha tilbod om årleg seniorsamtale frå det året ein fyller 60, samtalan blir gjennomført som ein del av medarbeidarsamtalen.

Arbeidsmiljø er elles tema i einingane i avdelingsmøte og seminar.

Verksemdmål 4.3

HVO skal effektivisere drifta.

Styringsparametrar

- Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1.000 kroner)
- Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi har hatt ein auke i driftskostnader per avlagde 60 studiepoeng, noko som var i tråd med målsettinga. Auken er noko høgare enn forventa og skuldast lågare tal på avlagte studiepoeng. Driftskostnadene låg på eit forventa nivå.

Over år har vi hatt ein stor auke i studenttalet, samstundes som administrasjonen ikkje har auka tilsvarande. Det har vore behov for å auke den administrative bemanninga noko for å halde oppe kvaliteten. Forholdstalet mellom tilsette i administrative stillingar og undervisnings- og forskarstillingar var 2,8 i 2022, ein oppgang frå 2,6 i 2021. Forholdstalet tilseier at HVO har 2,8 årsverk vitskapeleg per administrativt årsverk.

Høgskulen i Volda arbeider med å effektivisere drifta på mange område, både gjennom vidare arbeid med prosesskartlegging og implementering av system. Vi er godt i gang med implementering av fellesløysinga Arbeidslivsportalen, og har også starta opp implementeringa av Panopto, ei fellesløysing for digital undervisning. På eigen kjøp har vi sett i gang eit prosjekt med automatisering av enkle prosessar (RPA - Robotic Process Automation), vi implementerer NOA – eit digitalt system for oppmøtere registrering, og vi tek i bruk årshjulsystemet PlanDisc som skal sikre betre planlegging av aktivitetar på tvers i organisasjonen. Vi arbeider også med å bygge felles kultur på tvers av dei administrativt tilsette sentralt og ute på avdelingane, for å skape større forståing for kvarandre og samhandle betre og meir effektivt i heile organisasjonen.

KD sin nye strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren vil vere viktig for oss i arbeidet med handlingsplanar for å realisere den nye strategien til Høgskulen i Volda.

"Tabell til sektormål 4- Styringsparametrar"		2019	2020	2021	2022	Ambisjon 2023
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk	KD	636	643	631	583	600
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	KD	28%	25%	25%	35%	37%
Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	KD	17%	15%	14%	13%	12%
Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1 000 kr)	HVO	152	154	161	172	173
Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar	HVO	2,9	2,8	2,6	2,8	2,6
Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar	HVO	49%	52%	53%	49%	55%
Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse	HVO	46%	45%	45%	44%	50%
Gjennomsnittleg sjukefråvær per år	HVO	6,9 %	6,0 %	6,9 %	6,9 %	6,0 %

Utviklingsavtalen med KD (2019–2022)

Mål 1 - Lukkast med planen for nye grunnskulelærerutdanningar

Mål: Høgskulen i Volda skal utvikle ei kvalitativ god og særmerkt femårig grunnskulelærerutdanning med digital og internasjonal profil

Status på måleparametrar

1. Gjennomføre kompetansehevingsprosjektet DigiGlu («Digitalisering av grunnskulelærer-utdanning») i tråd med prosjektplanen

Prosjektet vart formelt avslutta hausten 2022 med avsluttande seminar. Seminaret vart brukt til å oppsummere det som har kome ut av DigiGLU-prosjektet og planlegge for vegen vidare etter prosjektslutt.

2. Utvikle samarbeid med lærerutdanningsskular (partnarskular)

Frå 2018 har HVO hatt eit partnarskapssamarbeid med to lærerutdanningsskular (LU-skular), Velle skule i Ørsta og Øyra skule i Volda, og i 2021 vart også Ulstein ungdomsskule med i partnarskapssamarbeidet. Dette er ei utviding av den ordinære avtalen om praksisopplæring i grunnskulelærerutdanningane og har som mål å utvikle kvalitet og samarbeid i lærerutdanninga.

Av aktivitet og utvikling i lærerutdanningsskulesamarbeidet, har dette vore viktigaste satsingsområda siste året:

Samarbeid om vurdering i praksis - Praksislærarar og studentar har gitt tilbakemelding om at dei ønsker ei endring av korleis vi arbeider med vurdering i praksis i grunnskulelærerutdanningane. Hausten 2021 vart det nedsett ei arbeidsgruppe med studentar, praksislærarar, faglærarar og representantar frå GLU som i regi av LU-samarbeidet drøfta arbeid med vurdering i praksis, og dette resulterte i nye vurderingsskjema for praksis frå hausten 2022.

Hospitering - Det har lenge vore eit ønske blant dei fagtilsette frå profesjonsutdanningane om å få hospitere i skule og barnehage. Ved å hospitere kan dei fagtilsette blant anna få enda betre innsikt i, og oppdatert kunnskap om, skule- og barnehagekvardagen og kunne gje ei meir praksisnær undervisning som kjem studentane til gode. I haustsemesteret vart det sett i gang ei ordning med hospitering. Det var 16 faglærarar som var på hospitering i regi av LU-samarbeidet, 11 på hospitering i LU-skulane og 5 på hospitering

i LU-barnehagane. Tilbakemeldingane har vore svært positive, og det blir arbeid for at dette blir ei varig ordning.

Forskingssamarbeid - Det å støtte og utvikle praksisnære FOU-prosjekt og drive forskning og utviklingsarbeid i lærerutdanninga, er blant måla som er sett for LU-arbeidet. I haust vart forskingsgruppene ved HVO inviterte til å søke om midlar for å samarbeide tettare med LU-barnehagane og LU-skulane. Fire forskingsgrupper søkte og fekk midlar til samarbeid med LU-barnehagar og skular og er no i oppstarten av forskingssamarbeid med praksisfeltet.

I tillegg har vi halde fram arbeidet med delte stillingar, der praksislærarar frå LU-skular arbeider i 20 prosent ved Høgskulen i Volda. Det er no tre personar i delt stilling, knytt til norsk, samfunnsfag og rettleiingsappen MOSO og praksis. Delte stillingar bidreg mellom anna til lågare terskel for samarbeid mellom praksisfeltet og høgskulen, og det legg til rette for meir kontinuitet i samarbeidet.

Lærerutdanningssamarbeidet har jamlege møte i styringsgruppe og arbeidsutval, og i tillegg arrangerte vi ei fellessamling 14. mars for lærerutdannerar frå dei tre LU-skulane og høgskulen. På fellessamling på Ulstein hotell og Skaparhuset i Ulsteinvik 14. mars var det samla om lag 120 lærerutdannerar til samsnaking og erfaringsdeling med tema «Skaparglede i skulen».

Under den nasjonale konferansen “Bedre lærerutdanning og bedre skole med lærerutdannings- og universitetsskoler?” som vart arrangert i Trondheim 4. mai, deltok 15 representantar frå partnarskapssamarbeidet ved HVO. I forkant av den nasjonale samlinga, hadde representantane frå Volda eit internseminar der det mellom anna vart diskutert korleis ein kan få til eit betre, tettare og meir omfattande samarbeid mellom LU-skulane og høgskulen.

3. Styrke det internasjonale perspektivet i grunnskulelærerutdanningane ved HVO.

Etter eit år utan utvekslingsstudentar i 2021 på grunn av koronapandemien, kunne vi i 2022 igjen sende studentar på utveksling. Fem studentar reiste på Internasjonalt semester våren 2022, i ei tid det framleis var usikkerheit knytt til koronapandemien. I tillegg var ni 3MAGLU studentar på praksis ved Den norske skolen i Malaga hausten 2022. Dette er eit attraktivt tilbod som får svært gode tilbakemeldingar frå studentane. I løpet av hausten 2022 har vi og utvikla ein ny utanlandspraksis ved Bethel Pre- and Primary School i Tanzania. Denne praksisen blir eit tilbod for studentar som tek emnet «Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk», og våren 2023 reiser ei praksisgruppe på fire studentar dit.

Den internasjonale lærarutdanningskonferansen, ITS Volda 2022, vart igjen gjennomført digitalt med fleire spanande presentasjonar frå inn- og utland. Dette vart ei god erfaring med over 110 studentdeltakarar frå HVO, Åbo Akademi University, Hogeschool KPZ, University of Barcelona og PHT Tirol. Konferansen fekk igjen gode tilbakemeldingar og ein har no landa eit godt konsept med ein digital konferanse som opna opp for å ha fleire deltakarar enn ved fysisk konferanse.

4. Styrke rettleiarkompetansen i grunnskulelærarutdanningane i høve masteroppgåve, i tråd med behova ved innføring av ny grunnskulelærarutdanning på masternivå

Dei tilsette ved HVO får tilbod om ulike høgskulepedagogikkurs i rettleiing. I 2022/23 tilbyr vi eit kurs i Rettleiing på mastergradnivå samt eit kurs i rettleiing på kvantitativ metode.

Formålet med kurset Rettleiing på mastergradnivå er å gi deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i rettleiing som læringsform knytt til mastergradnivå. Emnet er forankra i rettleiingspedagogikk som er tilpassa dei ulike konkrete studieprogramma ved Høgskulen i Volda. Emnet gir brei og tverrfagleg innsikt i problemorientert rettleiing, både individuelt og i gruppe. Eit sentralt tema er å støtte faglærarar i utfordringar i rettleiinga av eigne mastergradstudentar, og studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av den pedagogiske kompetansen til faglæraren. Formålet med kurset rettleiing på kvantitativ metode er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i kvantitativ forskingsmetode.

I tillegg har fleire av fagmiljøa, t.d. institutt for pedagogikk og institutt for realfag, oppretta eigne grupper for fagtilsette som er rettleiarar på masteroppgåvene i MAGLU. Målsetjing er erfaringsdeling knytt til sjølve prosessen rundt rettleiinga, framdriftsplan, problemstilling, metode og tematikk.

Mål 2 - Styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg

Mål: Vidareutvikle Høgskulen i Volda sin posisjon som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg ved å satse på teknologi, kompetanseheving, undervisningslokale og nærleik til praksisfeltet.

Mediefaga har ei sterk strategisk forankring ved Høgskulen i Volda og har utdanna mediefolk i over femti år. Avdeling for mediefag tilbyr fire bachelorprogram og eit masterprogram som alle er samla under eit tak etter at avdelinga flytta inn i nye lokale, Sivert Aarflot-huset, i august 2021. Investeringar i nytt medieproduksjonsutstyr

og software gir medieutdanningane i Volda eit godt utgangspunkt for å vere konkurransedyktige i høve til søkinga til studia.

Måleparametrar

1. Bygge om bachelorgradane Medieproduksjon og Mediedesign til to ulike løp med tydelegare yrkesretning.

Det siste kullet på Mediedesign vart uteksaminert våren 2022. Medieproduksjon er utvikla til eit tidstilpassa og framtidsretta studieprogram med mellom anna eit nytt fokus på medievitenskap, men også på utvikling av nye forteljarformer og entreprenørskap. Det nye Aarflot-huset gir utdanning eit løft ved å tilby nye produksjonsfasilitetar og verkstader som gir høve til eksperimentering og utprøving av ulike element i medieproduksjonsutdanninga. Studieprogrammet tok opp eit rekordstort kull (45) hausten 2022.

2. Utvikle ein innovativ, digital medielab saman med studentane våre og dei tilsette, som gjer at medieutdanninga i Volda ligg i forkant av den raske utviklinga i mediebransjen og for å møte behov for digital kompetanse i samfunnet.

«Future Lab» blir nytta av studentar og tilsette som eit framtidslaboratorium for forsøk og utvikling innanfor ulike mediefag. Løyvingar til investering i utstyr har gitt AMF moglegheita til å sikre Future Lab utstyr og software som legg til rette for eksperimentering og utprøving både for forskarar, undervisarar og studentar kvar for seg – og saman.

AMF ligg heilt i front når det gjeld utprøving og bruk av ny software og teknologi i redaksjonelle prosessar. Desse systema og teknologiane som er tatt i bruk i internasjonale medium, gir studentane ein unik moglegheit for å lære fleirmediale produksjonsmetodar og grensesnitt. AMF samarbeider med ekstern utviklar og er utvalt som test-case for UH-sektoren og blir difor tett følgd opp av utviklar.

3. Utvikle nye og vidareutvikle eksisterande samarbeidsprosjekt, praksisutplassering og utvekslingsavtalar med bransjeaktørar, mediehus og internasjonale FoU-samarbeid. (Blir evaluert i årleg rapport om studieprogramporteføljen og den årlege forskingsmeldinga til HVO)

Alle studieprogramma ved AMF (Journalistikk, PR/Kommunikasjon og media, Medieproduksjon, Animasjon, og Master in Media Practices) har praksisperiodar der studentane får tilbod om eit opphald i ein relevant mediebedrift. Dette er svært lærerikt for studentane og gjennom tilbakemeldingane frå dei og til dels frå praksisstadene får vi et godt inntrykk av om utdanningane treffer praksisfeltet sitt behov.

Studieprogramma har jamleg besøk frå bransjerepresentantar, både i undervisninga og ved våre festivalar (Animation Volda og Dokfilm) og seminar. Undervisarar og forskarar er dessutan jamleg i kontakt med dei for eksempel gjennom bedriftsbesøk, bransjekonferansar (SKUP, Dokfilmkonventet, Kommunikasjonsforeningen, Animasjonsfestivalen osv.).

Fleire av dei tilsette på studieprogramma Animasjon og Journalistikk er sjølv utøvande kunstnarar og/eller produsentar, og dette gir fagmiljøet ein ekstra dimensjon når det gjeld bransjetilknytning.

Arbeidslivsrelevans – POE-prosjektet

Etter ein felles søknad «POE» (Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap) om satsing på arbeidslivsrelevans vart AMF og AKF tildelt 5 millionar kroner over tre år (2022–24) til dette prosjektet.

Prosjektets hovudmål

Å legge til rette for kvalitetssikring og arbeidsrelevans i høgare utdanning i kultur- og mediefag gjennom å utvikle potensiale for praksissamarbeid mellom eit breitt spekter av relevante private og offentlege aktørar.

Delmål

Fase 1: Praksismodellar: Så langt i prosjektet har vi gjennomført det som er skildra under fase 1 i søknaden:

- Utarbeidd og koordinert felles avtalar og kontraktar for praksis på tvers av dei involverte fagmiljøa.
- Klargjort definisjonar av praksisomgrepet og læringsmål, gjennom interne seminar knytt til konkrete læringsmål i emne med praksiskomponentar.
- Etablert fora for felles engasjement rundt arbeidslivsrelevans mellom dei involverte fagmiljøa.

Aktivitetar som i første rekke involverer fagleg tilsette og eksterne samarbeidspartnar, har vore:

- Forankring av arbeidslivsrelevans i emneplanar
- Tverrfagleg ideseminar om ulike typar praksis
- Felles seminar med NTNU Ålesund, med vekt på erfaringsutveksling

Aktivitetar som også involverer studentane, har vore:

- Fagspesifikke bransjetreff med inviterte gjester frå arbeidslivet, som har møtt studentane til presentasjonar og diskusjon
- Tverrfaglege “POE-dagar” med føredragshaldarar både frå bransjen og frå studentane sjølv.

Fase 2 (har starta i 2023): Etablere og prøve ut et digitalt Praksis- og oppdragsnettverk som møteplass mellom arbeidslivet og studentar. I oppdragsnettverket kan næringsliv og offentlege etatar legge

ut prosjektføresurnader og prosjekttilbod til studentane sine bachelor- og masteroppgåver og til andre oppdrag som er aktuelle for studieprogramma /emne.

Fase 3 (startar i 2024): Auka kompetanse blant kandidatane i entreprenørskap og konkret samarbeid med Norsk Innovasjonssenter (NI) i et fysisk arbeidsfellesskap i kontorfellesskap om oppdragsverksemd innanfor kommunikasjon og medieproduksjon og animasjon, i tverrfagleg samarbeid med design og friluftsliv. Konkrete tiltak til utvikling av mikroverksemder med utgangspunkt i den kompetansen studentane har opparbeidd. Vidareføring av det forpliktande samarbeidet om praksis i studia, næringslivets behov for kompetanse, og fagmiljøa sine behov for oppdatering.

På det internasjonale feltet har AMF samarbeidd med Fachhochschule Kiel om ein dobbeltgrad både på BA-nivå og MA-nivå. På masternivå har AMF signert ein dobbeltgradavtale med den tyske høgskolen Hochschule RheinMain (HSRM). Avtalen gjeld dobbeltgrad på masternivå og involverer Master in Media Practices ved og MA in Creative Media Conception ved HSRM.

Avdelinga har omfattande utveksling av studentar med utlandet – begge vegar, omlag 85 prosent av innvekslingsstudentane på HVO tek emne på AMF.

Å utvide samarbeid om FoU med dei utanlandske partnerane våre er eit viktig satsingsområde for AMF, og fleire av forskargruppene ved AMF har større og mindre samarbeid med internasjonale partnerar.

AMF har hatt ein fleirårig kontrakt med Medietilsynet om vurdering av støttegodkjent medieinnhald og utvikling av system og metode for klassifisering og har motteke midlar frå RAM og PFF til forskning og bok på pressestøtta sin posisjon og verknad. AMF sin kontrakt gjekk ut 2022.

AMF deltek i eit NFR-prosjektet der tilsette ved AMF samarbeider med UiB, NRK, Hidden og «Dovreprosjektet» om utvikling av lokasjonsbaserte informasjonssystem. AMF er dessutan involvert i ei rekke prosjekt der Institutt for kommunikasjon har ansvaret for forskingsformidling i samarbeid med andre forskingsmiljø og industrien. [1]

AMF er også involvert som ein av tre partnerar i arbeidslivsrelevansprosjektet «TekLab bedrift». Her vil avdelinga bli tilført omlag 1,2 millionar kroner over tre år, samt moglegheit for samarbeid med ei rekke teknologibedrifter. Prosjektets innhald kan studerast her: <https://teklab.uib.no/>



4. *Sende søknad om SFU innanfor tematikken digital mediepraksis.*

Avdelinga søkte om å bli SFU, med deadline 20 april 2022. Prosjektet «JIMP» vart utvald blant 28 søkarar til å delta i finalen med fem andre prosjekt. Prosjektet fekk ikkje tildeling.

Mål 3 – Ha fagleg fokus på utvikling av ferdigheiter for framtida (Future skills)

Mål: Høgskulen ønsker i utviklingsavtalen å arbeide tverrfagleg med eit framtidsperspektiv på kunnskap for at utdanningane og forskinga vår skal vere best mogleg tilpassa dei behova samfunnet har i framtida.

Status på måleparametrar

1. Arbeide vidare med det teoretiske grunnlaget for ferdigheiter for framtida i fagmiljøa på HVO ved å drive tverrfagleg forskning og publisering, og utvikle nettverk og prosjekt nasjonalt og internasjonalt.

HVO har i 2019–2022 arbeidd systematisk for å få fram eit kunnskapsgrunnlag for vidare satsing på utvikling av framtidskompetanse. Framtidskompetanse er eit eige kunnskapsfelt

som tek inn over seg samfunnets og næringslivets raske omstillingar og som utfordrar rådande syn på utdanning og danning. OECD legg eit nytt læringsparadigme til grunn der dei ser på eleven som aktør i eit kunnskapssamfunn (OECD Future of Education and Skills 2030). I ei tid der kunnskap er nokre taste- trykk unna, blir det stilt nye krav til kompetanse, samtidig som nye utfordringar kjem til. HVO sin profil med satsing på mediefag og digital kompetanse, mangfaldet av kulturfag, sosialfag og den sterke lærarutdanningstradisjonen gjer at høgskulen er i ein unik posisjon til å løfte fram dette internasjonale kunnskapsfeltet.

I 2022 har HVO halde fram det systematiske arbeidet med å vidareutvikle det teoretiske kunnskapsgrunnlaget for ferdigheiter for framtida. Ei kunnskapsoversikt er publisert i eit internasjonalt tidsskrift, og ei er under review.

I den eine publikasjonen er startpunktet å forstå «skills» i skulen og korleis det står til på kunnskapsfronten. Kunnskapsoversikta peiker på mange hol i eksisterande forskning: Konseptuelle svakheiter i forståinga av «support», manglande rapportering av fag, manglande rapportering av plassering/nærheit til natur, manglande lærarperspektiv og manglande kvalitative tilnærming er nokre av funna. Støtte frå lærar er utruleg viktig for eleven sin skulemotivasjon og generelle trivsel.

Det manglar til dømes forskning som ser på verdien av praktisk-estetiske fag og verdien av å gjere undervisning utanfor klasserommet i situasjonar elevar får støtte frå lærar. I den andre kunnskapsoversikta, som er under review, analyserer vi korleis «future skills/21st century skills» er operasjonalisert og forstått i lys av enkeltferdigheiter og konseptuelle rammeverk. Vi finn «creative action competence» som ei ferdigheit av høgare orden samanlikna med dei andre ferdigheitene i metasynthesen.

HVO held fram med det systematiske arbeidet mot å koma fram til ei felles forståing av creative wellbeing som fag- og sektorovergrepande framtidskompetanse. Kunnskapen korresponderer bra med næringslivets behov for endringskompetanse. I 2022 har ein tilsett stipendiatar i 2 ph.d.-stillingar i Creative Wellbeing, begge ved Avdeling for kulturfag. Med ei vidare satsing på creative wellbeing prøver HVO å ta eigarskap til ei retning som inneber ei samankopla konseptuell forståing av kreativitet og livskvalitet – og tyding av natur og kultur i denne forståinga. Dette er eit svar på framtidskompetanse og fleire berekraftsmål. HVO har gode føresetnader for å utvikle «best practice» innafor ei slik integrert satsing. Dette som ein ambisjon og ei moglegheit – som blir synleggjort i ny pågåande publikasjon med både konseptuelle drøftingar og empiri frå gode praksisar.

2. La læringsutbytteformuleringar i utdanningane våre få tydelige framtidsperspektiv og tilby framtidserdigheiter som emne i etablerte utdanningar HVO sitt faglege fokus på Future Skills gjer det mogleg å svare på «tiltak for å utvikle krevjande og givande studieprogram» (jf. etatsstyringsbrev 2019).

Utvikling av ny mastergrad i natur, kultur og berekraft ved Avdeling for kulturfag har tydeleg framtidsperspektiv integrert i læringsutbyteskildringar. Søknad sendt til NOKUT 15. september 2022. For resten av HVO er det behov for meir kunnskap og forankring om kva framtidserdigheiter er og korleis dette kan støttast. Dette er ein prosess som vil ta tid å utvikle. Det er positivt at det er pågåande forskingsprosjekt i tre fagavdelingar knytt til ei planlagd vitskapleg bokutgiving. Utover dette er det ikkje sett av strategiske midlar til utvikling av framtidserdigheiter i HVO si studieportefølje.

3. Styrke og vidareutvikle det faglege innhaldet i regionale og internasjonale innovasjonspartnerskap ved å gi framtidserdigheiter ei tydeleg rolle.

I det pågåande arbeidet med å dekke det regionale behovet for kompetanse knytt til ferdigheiter for framtida, bidreg HVO som kompetansopolitisk aktør gjennom mellom anna arbeidslivsrelevans-prosjekta Innovasjon og arbeidslivsrelevans (IOA) og Praksis, Oppdrag og Entreprenørskap (POE). Begge

prosjekta er innovasjonspartnerskap der HVO, saman med samarbeidspartnarar frå regionalt næringsliv, mellom anna søker auka arbeidslivsrelevans i kulturstudia og kvalitetssikrar praksisavtalane i medie- og kulturstudia.

HVO har i 2022 arbeidd vidare med realisering av Norsk Innovasjonssenter AS i Volda (tidlegare Volda Kunnskapspark) der HVO er leiar av styringsgruppa. Norsk Innovasjonssenter skal bidra til å realisere HVO sitt mål om å inngå eit innovasjonspartnerskap med det regionale arbeids- og kulturlivet.

Mål 4 - Rekruttering og utvikling av toppkompetanse

Mål: HVO skal over tid rekruttere og utvikle toppkompetanse for å gi høgskulen, studentar og arbeidslivet tilgang til høg og oppdatert kunnskap.

Status på måleparametrar

1. Ved slutten av avtaleperioden (dvs. 31. desember 2022), er prosenten fast fagtilsette med førstekompetanse 60 prosent og med toppkompetanse 15 prosent, 1/3 av dei sistnemnde kvinner

Per 2022 er det ved HVO i alt 184,67 årsverksbidrag frå tilsette i fast vitskapleg stilling. Av desse årsverksbidraga er:

- Toppkompetente (professor/dosent): 12,5 prosent (mål 15 prosent)
- Minst førstekompetente (førstekompetente og toppkompetente): 54 prosent (mål 60 prosent)
- Kvinner blant toppkompetente: 39 prosent av årsverksbidrag blant totale årsverk toppkompetente (mål 1/3 av dei toppkompetente)

Delen minst førstekompetente har gått litt ned i 2022 (54 prosent) samanlikna med 2021 (58,5 prosent), medan delen toppkompetente er nokolunde stabil frå 2021 (12,6 prosent) til 2022 (12,5 prosent). Vi har framleis eit arbeid å gjere med tanke på å nå målet om at minst 60 prosent av årsverka skal vere tilsette med minst førstekompetanse. Når det gjeld delen kvinner blant toppkompetente, har den auka frå 26 prosent i 2021 til 39 prosent i 2022. Det vil seie at vi per 2022 har nådd målet om minst ein tredel kvinner blant dei toppkompetente.

Delen fagleg tilsette i mellombelse stillingar i 2022 er 13 prosent, dvs. ein liten nedgang samanlikna med 2021, då det var 14 prosent.

Det er variasjon i kompetansenivå mellom avdelingane og mellom studieprogram innanfor avdelingar. HVO arbeider med auke kompetanse generelt, men det er grunn til å arbeide spesifikt med



å få opp kompetansen i fagmiljøa i nokre av studieprogramma. Eit tiltak i handlingsplanen for realisering av ny strategiplan er kompetanseutviklingsplanar, som avdelingane er i gang med å utarbeide.

Ein professor II er tilsett ved HVO spesielt med tanke på verksemd retta mot at tilsette skal oppnå utdanningsfagleg kompetanse. Professoren har særleg kompetanse i rettleiing, og har ansvar for eit studiepoenggivande kurs i rettleiing, som tilsette ved HVO får tilbod om. Tiltaket har gitt resultat i form av at fleire tilsette har fått, og er i ferd med å oppnå, utdanningsfagleg kompetanse på bakgrunn av utdanning. Utdanningsfagleg kompetanse er nødvendig for å få kompetanse som førsteamanuensis og professor.

2. Auke inntektene frå NFR og andre eksterne FoU-inntekter.

Alle avdelingane ved HVO arbeider målretta for å auke inntektene frå NFR og andre eksterne finansieringskjelder, og det gir resultat. I desember 2020 fekk HVO tilslag (maks utteljing) på NFR-midlar til eit stort forskingsprosjekt. Prosjektet har tittelen Mandatory Reporting of Intimate Partner Violence. HVO er prosjekteigar, og Høgskolen i Molde og Politihøgskolen er samarbeidspartar. Finansieringa frå NFR er på vel 11 millionar kroner, med ein stor del eigenfinansiering i tillegg. Både professorstipend, forskarstillingar og ph.d.-stipendiatar blir ein del av prosjektet, som såleis vil bidra til både vitenskapleg publisering, rekruttering og utvikling av toppkompetanse ved HVO. Inntektene frå prosjektet byrja å kome frå og med 2021, då arbeidet vart sett i gang.

Til søknadsfristane i Forskningsrådet i februar 2022 sendte HVO seks søknader som prosjekteigar. Søknadene fordelte seg jamt på samarbeidsprosjekt og forskarprosjekt. Tre av søknadene var forbetra søknader frå 2021. Diverre fekk ingen av søknadene tilslag, men fleire av dei vil bli forbetra og sendt inn igjen i 2023. Om hausten vart det sendt ein søknad om samarbeidsprosjekt for å styrke forskning og forskarrekruttering i musea, men den fekk også avslag. I tillegg vart det sendt ein ERC starting grant-søknad til EU der svar kjem i 2023. Det er positivt at fem av sju prosjektleiarar var kvinner.

Fagmiljø ved HVO arbeider elles med FoU-prosjekt med finansiering frå Regionale forskingsfond, fylkeskommunar, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Rådet for anvendt medieforskning, kommunar i regionen, mfl.

BoA-inntektene (ekskl. NFR) var i 2022 på 146 000 kroner per fagleg årsverk, medan talet i 2021 var 127 000 kroner per fagleg årsverk, dvs. ein god auke.

Bidraginntekter frå NFR var i 2022 på 18.900 kroner per fagleg årsverk, og det er ein auke frå 2021, då talet var 11.500 kroner per årsverk. Dei samla eksterne inntektene per fagleg årsverk var 175.000 kroner i 2022 (138.000 kroner i 2021). Dette er ein stor og positivt endring for HVO. Ordningane knytt til lokal kompetansebygging (ReKomp og DeKomp) utgjør framleis ein stor del av dei eksterne inntektene. Midlar til desentralisert studietilbod har og bidrege til auken i 2022.

3. Auke publiseringspoeng per fagleg årsverk til 0,65 og til 40 formidlingspoeng per fagleg årsverk

HVO for 2022 hadde 0,43 poeng per vitenskapleg årsverk. Det er ein liten reduksjon samanlikna med 2021, då det var 0,45 poeng per årsverk. Men HVO ligg under målet som er 0,65 publiseringspoeng per årsverk.

Talet på publiseringspoeng varierer mellom år og avdelingar. Ëi avdeling har i 2022 0,76 poeng per årsverk, dvs. over målet til HVO. Det er gjerne dei same fagmiljø som står for vesentleg del av publiseringspoenga frå eit år til eit anna. I ny strategiplan er kultur for forskning framheva, og vi vil setje i verk tiltak for at fleire skal forske og publisere vitenskapleg. På den måten vil vi prøve å mobilisere til at fleire bidreg for å auke talet på publiseringspoeng.

HVO arbeider målretta med publisering, mellom anna gjennom strategisk arbeid via ulike tiltak ved avdelingane og gjennom forskingsgruppene, som får støtte til publiseringsaktivitet. Dei siste to tiåra har vitenskapleg publisering og poeng vore eit sentralt styrings- og finansieringsparameter for UH-sektoren.

2022-tala for interne FoU-poeng har vi ikkje klare per no.

Rapportering på andre område

Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

I august 2021 stod det nye Sivert Aarflot-huset ferdig. Huset samlar alle medieutdanningane. Samfunns mål og effektmål for prosjektet vart definert som følgjer:

Samfunns mål

Medias verkøy og arbeidsprosessar er inne i ei rivande utvikling og blir tekne i bruk på stadig nye samfunnsområde. Det nye mediehuset skal sikre grunnlaget for forskning, utvikling og utdanning av høg kvalitet. Det vil også fungere som ein verdifull møteplass mellom mediebransjen og akademia.

Målet er at Høgskulen i Volda skal kunne levere endå betre kandidatar til landets viktigaste mediearbeidsplassar.

Huset skal medverke til at HVO framleis blir den leiande medieutdanningsinstitusjonen i landet.

Effekt mål

Nytt mediebygg vil samle mediemiljøet ved HVO, og vil difor gi betre økonomi både når det gjeld utnytting av undervisningsressursane og arealet ved at vi ikkje erstattar alle undervisningsromma i Ivar Aasen-huset som vi flyttar ut av. Ein annan effekt er at nybygget gir grunnlag for eit meir solid fagmiljø. Det vil også gjere det meir attraktivt å studere i Volda og såleis vere med på å sikre rekrutterings- og driftsgrunnlaget for HVO.

Eit nytt hus legg betre til rette for utvikling av nye digitale undervisningsformer. I tillegg til styrking av medieutdanning, medieforskning og medieutvikling vil det nye bygget også legge til rette for at andre utdanningar som lærarutdanning, sosialt arbeid, planlegging, kulturfag og humanistiske fag kan ta i bruk meir moderne medievertøy både i campusundervisning og i ulike fjernstudium

Etter vel 1,5 år i mediehuset meiner vi å ha god måloppnåing på prosjektet. Vi har no fasilitetar til møteplassar der vi knyter oss tettare opp mot næringslivet, både til mediebransjen og andre nærliggande bransjar.

Mediebygget har større rom og fasilitetar som gjer at undervisninga gir betre kvalitet og ikkje minst kan gi høg digital kompetanse og fleksibilitet gjennom desse fasilitetane. Bygget er heilt klart med på å gjere det meir attraktivt å studere i Volda da det og inneheld gode rom for studentaktivitet.

Dette er og eit bygg andre avdelingar no nyttar i sine utdanningsprosessar. Statsbygg har og starta ein prosess med å evaluere både bruken og formålet med bygget for å nytte kunnskapen til framtidige prosjekt.

Oppgradering av forskings- og læringsareal, midlar frå kap. 275 post 45

Høgskulen i Volda fekk tildelt 10 millionar kroner til oppgradering av Hans Strøm-huset i supplerande tildelingsbrev juni 2021. Prosjektet starta opp i august 2022, og første delbetaling vart utført i desember 2022.

Hans Strøm-Huset blir ei modernisert utgåve av seg sjølv, og skal vere eit levande hus med mykje aktivitet, klar for å knyte Høgskulen i Volda saman med det nye Aasen-kvartalet. Prisen for heile rehabiliterings- og ombyggingsprosjektet vart over 100 millionar kroner og er godkjent som eit kurant prosjekt. Prosjektomfanget er på totalt 4340 kvadratmeter der HVO sin del av prosjektet skal finansierast med avsetningar og ein mindre del vil finansierast som brukarfinansiert husleige. Statsbygg sin del av prosjektet dekkjer rehabiliteringskostnaden.

Det har vore stort fokus på ombruk, og Statsbygg og HVO har arbeidd godt med dette temaet, både når det gjeld rehabiliteringsarbeidet med bygget og ombruk av inventar.

Vidareføring av midlar tildelt gjennom Revidert nasjonalbudsjett 2020

I nasjonalbudsjett 2022 fekk høgskulen vidareført dei 100 studieplassane vi vart tildelt i revidert nasjonalbudsjett 2020. Tabellen nederst syner korleis desse er fordelt.

Høgskulen har auka talet på utlyste studieplassar i tråd med tildelinga, og innan barnevern, helse- og sosialfag, planlegging og administrasjon og animasjon er talet på studentar som er tatt opp, auka som planlagd.

Tildelte fagområde	Tildelte studieprogram for studieår 2022/2023	St.pl.
Barnehagelærarutdanning	BA barnehagelærarutdanning, deltid	30
Grunnskulelærarutdanning	Vidareutdanning for lærarar i digital kompetanse	15
PPU	Vidareutdanning lærarar naturfag (30 stp.)	10
Helse- og sosialfag	BA Barnevern (10 pl.), MA Helse og sosialfag (10 pl.)	20
Juridiske og øk. adm. Fag	BA Planlegging og administrasjon	20
Animasjon	BA Animasjon	5



Dei ekstra studieplassane til barnehagelærutdanning nytta vi til opptak på deltid (over 4 år). I 2020 tok vi opp eit deltidskull i Ålesund. I 2021 valde vi å ta opp eit deltidskull i Volda. Studiet er delvis nettbasert, men har også ein god del fysiske samlingar på Høgskulen i Volda.

I samband med dei tildelte studieplassane til grunnskulelærutdanning utvida vi opptakstalet, men heller ikkje i 2022 hadde vi nok søkarar til å fylle plassane.

Vi har nytta desse studieplassane til eit anna prioritert område innanfor lærarutdanningane. Behovet for vidareutdanning for lærarar innanfor profesjonsfagleg digital kompetanse er stort. Vi brukar dei nye tildelte studieplassane til grunnskulelærutdanning til å styrke grunnlaget for å kunne tilby vidareutdanning for lærarar på dette feltet. Dei nettbaserte tilboda er fleksibelt organisert og passar for lærarar i arbeid. Ut over generell profesjonsfagleg digital kompetanse er læringsdesign og klasseromleing, programmering, medieproduksjon og tilpassa opplæring fokus i studietilbodet. Desse studietilboda er viktig for å gje oss eit godt fundament

for bidrags- og oppdragsverksemd og ikkje minst desentralisert kompetanseheving i vår region på området.

Midlar tildelt over andre kapittel

Utvikling og drift partnerskap i lærarutdanningane, midlar frå kap. 275 post 21

Frå 2018 har HVO hatt eit partnerskapsarbeid med to lærarutdanningsskular (LU-skular), Velle skule i Ørsta og Øyra skule i Volda, og i 2021 vart også Ulstein ungdomsskule med i partnerskapsarbeidet. I 2021 inngjekk HVO også partnaravtaler med to lærarutdanningsbarnehagar (LU-barnehagar), Mosmarka barnehage (privat) i Ørsta kommune og Tennfjord barnehage (kommunal) i Ålesund kommune. Dette er ei utviding av den ordinære samarbeidsavtalen om praksisopplæring i grunnskuleutdanningane og i barnehagelærutdanninga, og har som mål å utvikle kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane. Dette har vore viktigaste satsingsområda siste året:

Samarbeid og vurdering i praksis, grunnskulelærerutdanninga - Praksislærarar og studentar har gitt tilbakemelding om at dei ønsker ei endring av korleis vi arbeider med vurdering av praksis i grunnskulelærerutdanningane. Hausten 2021 vart det nedsett ei arbeidsgruppe med studentar, praksislærarar, faglærarar og representantar frå GLU som i regi av LU-samarbeidet drøfta arbeid med vurdering i praksis, og dette resulterte i nye vurderingsskjema for praksis hausten 2022.

Progresjon i praksis og leiardagar, barnehagelærerutdanninga – Arbeidsgruppa har arbeidd med progresjon i praksis. Vi har revidert læringsutbytta i emneplan praksis for alle årssteg, og i tillegg arbeidd med tekst om leiardagar i praksishefta slik at forventna progresjon kjem tydelegare fram.

Hospitering – Det har lenge vore eit ønske blant dei fagtilsette frå profesjonsutdanningane om å få hospitere i skule og barnehage. Ved å hospitere kan dei fagtilsette blant anna få enda betre innsikt i, og oppdatert kunnskap om, skule- og barnehagekvardagen og kunne gje ei meir praksisnær undervisning som kjem studentane til gode. I haustsemesteret vart det sett i gang ei ordning med hospitering. Det var 16 faglærarar som var på hospitering i regi av LU-samarbeidet, 11 på hospitering i LU-skulane og 5 på hospitering i LU-barnehagane. Tilbakemeldingane har vore svært positive, og det blir arbeidd for at dette skal bli ei varig ordning.

Forskingssamarbeid – Det å støtte og utvikle praksisnære FOU-prosjekt og drive forskning og utviklingsarbeid i lærerutdanningane, er blant måla som er sett for LU-arbeidet også nasjonalt. I haust vart forskingsgruppene ved HVO inviterte til å søke om midlar for å samarbeide tettare med LU-barnehagane og LU-skulane. Fire forskingsgrupper søkte og fekk midlar til samarbeid med LU-barnehagar og skular og er no i oppstarten av forskingssamarbeid med praksisfeltet.

I tillegg har vi halde fram arbeidet med delte stillingar. Praksislærarar frå LU-skular arbeider i 20 prosent ved Høgskulen i Volda. Det er no tre personar i delt stilling, knytt til norsk, samfunnsfag og rettleiingsappen MOSO og praksis. Ein pedagogisk leiar frå ein av LU-barnehagane har ei 30 prosent stilling ved høgskulen. Ho underviser i kunnskapsområdet Leiing, samarbeid og utviklingsarbeid, i tillegg til noko arbeid knytt til ReKomp. Styrar og pedagogar frå barnehagane er i tillegg inne i undervisninga første og andre studieår i forkant av praksis. Delte stillingar bidreg mellom anna til lågare terskel for samarbeid mellom praksisfeltet og høgskulen, og legg til rette for meir kontinuitet i samarbeidet.

Lærerutdanningssamarbeidet for grunnskulelærerutdanningane har jamlege møte i styringsgruppe og arbeidsutval, og i tillegg arrangerte vi ei fellessamling 14. mars for lærarutdannarar frå

dei tre LU-skulane og høgskulen. På fellessamling på Ulstein hotell og Skaparhuset i Ulsteinvik 14. mars var det samla om lag 120 lærarutdannarar til samsnacking og erfaringsdeling med tema «Skaparglede i skulen». Lærerutdanningssamarbeidet for barnehagelærerutdanninga har jamlege møte i arbeidsgruppa, i tillegg til møte i styringsgruppa ein gong per studieår. Ved oppstarten av studieåret vart det arrangert BLU-seminar ved Ulstein hotell for alle fagtilsette som underviser i barnehagelærerutdanninga, saman med alle tilsette i dei to utdanningsbarnehagane (om lag 90 stk. til saman).

Under den nasjonale konferansen «Bedre lærerutdanning og bedre skole med lærerutdannings- og universitetsskoler?» som vart arrangert i Trondheim 4. mai, deltok 15 representantar frå partnarskapssamarbeidet ved HVO. I forkant av den nasjonale samlinga, hadde representantar frå LU-samarbeidet for grunnskulelærerutdanningane i Volda eit internseminar der det mellom anna vart diskutert korleis ein kan få til eit betre, tettare og meir omfattande samarbeid mellom LU-skulane og høgskulen. Representantar frå LU-barnehagane har deltatt på nasjonalt seminar for LU-samarbeidet, og på nasjonal praksiskonferanse i mai. Dei har i tillegg deltatt på Barnehagekonferansen i Møre og Romsdal (Ålesund) og ved Noralf-konferansen i Tromsø, begge i oktober.

DigiGLU, midlar frå kap. 226, post 22 og kap. 281, post 01 (tildelt i åra 2017–2019)

Prosjektet vart formelt avslutta hausten 2022 med avsluttande seminar. Dette vart brukt til å oppsummere det som har kome ut av DigiGLU-prosjektet og planlegge for vegen vidare etter prosjektslutt.

Supplerande tildeling lønn til studentar, midlar frå kap. 260 post 50 og 70

I mars 2022 fekk HVO tildelt 1.511.000 kroner til studenttiltak, som skulle nyttast som løn til studentar. HVO tilsette 25 studentar som assistentar i ulike studieprogram der dei fungerte som hjelpelærarar i seminargrupper, rettleiarar i kollokviegrupper og anna fagleg oppfølging av studentane, noko som førte til at det vart eit auka læringstrykk på dei aktuelle studieprogramma. I tillegg vart det tilsett to studentassistentar på biblioteket som førte til at alle studentar fekk auka hjelp til å leite etter litteratur og sortere i og lage kjeldelister i arbeidskrav og andre oppgåver. Studentassistentane var tilsett i 20 prosent stilling i perioden mai til og med desember. Vi er svært nøgd med ordninga med studentassistentar, og nokre fagmiljø har forlenga perioden med studentassistentar for eigne midlar.

Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

Samla sett vurderer Høgskulen i Volda at vi har eit system for styring og kontroll som i stor grad er tilpassa risiko, kor viktige sakene er, og Høgskulen sin eigenart.

HVO nyttar mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som grunnleggjande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurderte i samband med dette:

- om fastsette mål og resultatkrav blir nådde
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar blir haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjon er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det blir gjennomført intern kontroll og oppfølging av eventuelle avvik. Vi har i 2022 oppdatert og gått igjennom risikoidentifikasjon og analyse av økonomiprosessar for HVO som og Riksrevisjonen har gått igjennom. Det er ikkje verifisert vesentlege avvik.

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen til årsrekneskapen dei siste åra.

I juni 2020 vart delegeringsreglementet og oversyn over styringsordningane ved Høgskulen i Volda godkjende av styret. Styret har bedt om ein revisjon av dette i løpet av våren 2023.

Mål og resultatkrav blir langt på veg nådde. Ressursbruken er effektiv, og det blir arbeidd aktivt med vidare effektivisering og digitalisering. Lover og reglar blir etterlevde så langt vi kjenner til. Det er ikkje avdekt vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det blir gjort tiltak for å hindre at det skjer igjen.

Det blir arbeidd systematisk med prosessmodellering, GDPR, personvern i forskning og overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til beredskap i heile organisasjonen. Handbøker

blir reviderte og oppdaterte i samsvar med endringane. Årleg gjennomgang av HMS-systemet blir gjennomført og dokumentert.

I desember 2021 kartla HK-dir arbeidet vårt med informasjonssikkerheit og personvern. HK-dir har meldt tilbake at dei har eit positivt inntrykk av arbeidet vårt, og at vi har forbetra etterlevinga av Kunnskapsdepartementet sin policy for informasjonssikkerheit og personvern sidan førre kartlegging. HK-dir kan ikkje sjå at høgskulen har behov for å gjere store endringar i arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern, og hovudanbefaling er derfor at vi vidarefører og forsterkar dagens innsats.

I styremøte i oktober 2020 vart det gjort vedtak om at HVO ikkje etablerer ein internrevisjon per i dag. Ved vesentlege endringar i risikobiletet eller i verksemda, eller seinast innan år 2024, skal det gjerast ei ny vurdering.

I 2022 vart fleire interne regelverk godkjent av høgskulestyret. Det gjeld interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved HVO, retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HVO og retningslinjer for BOA ved HVO.

I samband med utarbeiding av planar for komande år blir det gjort ei overordna risikovurdering av forhold som kan verke inn på evna til å nå mål og resultat på sikt. Risikovurderinga er godkjend av høgskulestyret. Dei største risikoane det blir arbeidd med i dag er som følger:

- Framleis svake resultat på forskning kan få konsekvensar for utdanningane våre når det gjeld akkreditering, økonomi og omdømme
- Det kan bli utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav, jamfør tildelingsbrevet

4.1.1 Effektivisere konsulentbruken

Høgskulen i Volda har hatt fokus på konsulentbruk, og brukar konsulenttenester berre der ein ikkje har kompetanse eller egne ressursar. Totale kostnader har gått litt opp i 2022. Dette skuldast

kostnader til DFØ-tenester, som HVO har sett ut. Ser ein bort i frå desse, er totale kostnader til konsulentbruk redusert.

4.1.2 Lærningar

Verksemda har til ei kvar tid tre lærlingar innan IT-driftsfag. Ein vurderer om det er mogeleg å auke med ein lærling innan medieproduksjon i løpet av 2023/24. Det er også aktuelt med lærlingar innan kontor- og administrasjonsfaget. Verksemda er knytt til opplæringskontoret i Møre og Romsdal fylkeskommune.

4.2.1 Forskingsetikk

Forskingsetikk er grunnleggande for all forskning ved Høgskulen i Volda, og vi har informasjon og retningslinjer for dei tilsette på nettsida vår. Stipendiatane får systematisk opplæring i forskningsetikk gjennom obligatoriske emne i sine doktorgradsprogram. HVO har hatt seminar om forskningsetikk i 2022 for alle tilsette, men høgskulelektorar var særskilt målgruppe. Foredragshaldaren var invitert frå Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora. Forskingsetikk blir også regelmessig tematisert i andre forum ved HVO, som t.d. forskingsgrupper og avdelingsseminar. HVO har eigne forskningsetiske retningslinjer, eit system for å melde frå om moglege forskningsetiske brot og eit utval for god forskingsskikk (redelighetsutval) for å handsame saker om moglege brot på forskningsetiske normer.

Reglement for Redelighetsutvalget ved Møreforskning og Høgskolene i Molde og Volda (Høgskulestyret 08.03.2018) inkluderer retningslinjer for korleis saker om moglege brot på anerkjente forskningsetiske normer skal bli handsama.

4.2.2 Samfunnssikkerhet og beredskap (SOB) og sikkerhet etter sikkerhetsloven

ROS-analyse på områda samfunnssikkerheit og beredskap vart gjennomført i juni -22, rapport med handlingsplan er utarbeidd. Nasjonal rettleiar utgitt av Beredskapsrådet i 2022 er brukt som mal for arbeidet.

Desse områda er identifisert med høg risiko:

- Uluke student/tilsett i utlandet
- Uluke student/tilsett innanlands
- Pandemi
- Trussel mot sentrale IKT-tenester/Digitale angrep/Informasjonssikkerheit og personvern
- Trussel mot student/tilsett/arrangement ved HVO
- PLIVO (Pågåande livstruande vald)

Det er utarbeidd eigen tiltaksplan. Men trass i tiltak vil det likevel vere ein risiko for at hendingar oppstår. Årleg øvingar for kriseleiinga og revisjon av beredskapsplanverk er tiltak som er

gjennomført for å bidra til å gjere verksemda rusta til å handsame ei krise.

Kriseøving for kriseleiinga vart gjennomført i august. Målsettinga var å auke rolleforståing, og utøving og øve på gjennomføring av førstemøte med bruk av førstemøtetavle.

Dei viktigaste læringspunkta var oppleving av uavklara roller internt og eksternt. Det er behov for å klargjere arbeidsdeling og kommunikasjon, samt at ein må øve på å bruke beredskapsplanen aktivt ved ei krise.

Ved førstemøte avdekte ein behov for tydeleg leiing og at rolla til loggførarar var uavklara. Vidare må ein øve på å sette verstefallspotensiale og definere verksemda sitt ansvar internt og eksternt.

Læringspunkta er tatt inn i revidert Beredskapsplan som vart ferdigstilt i november og i arbeidet med Kommunikasjonsplan som er gang og blir vidareført i 2023.

Beredskapsplanen bygger på ROS-analysen som er gjennomført og oppfølgingspunkt etter øving. Planen inneheld ein operativ og ein administrativ del, samt fem vedlegg. I den operative delen er det beskrive kven og korleis ein skal varsle, organisering av sentral kriseleiing med tydelege oppgåver, stabsmetodikk og ei oversikt over eksterne ressursar.

I administrativ del er formålet med beredskapsplanen gjort tydeleg; å sikre at alle som har roller i handtering av krise- og beredskapssituasjonar er kjende med ansvaret og oppgåvene sine. Vedlegg inneheld støttemateriale som varslingslister og malar.

Handsaming av covid-19-pandemien

Risiko for ein ny pandemi blir vurdert som høg, og det er bestemt at verksemda skal revidere pandemiplanen i løpet av første kvartal 2023. Sentrale funn og læringspunkt etter evalueringar blir tatt inn i arbeidet med ny plan. Ein fann mellom anna at pandemiplan som er utarbeidd på langt nær er dekkande. Det er behov for opplæring av eigarskap til ulike kommunikasjonskanalar (Canvas, SMS) og kven som skal vere avsendar (fagmiljø, dekanar, prorektor).

4.2.3 Rammeverk for nasjonale evalueringar av forskning og høgare utdanning

[Krev ikkje rapportering jf. Tildelingsbrev]

4.2.4 Likestilling og mangfald

Likestilling og mangfald er fast sak i arbeidsmiljøutvalet (AMU). Ny handlingsplan for likestilling og mot diskriminering for perioden

2023 – 2027 er venta ferdig stilt våren 2023. Arbeidet er forankra i ny strategiplan. I 2022 er det gjennomført kartlegging der ein identifiserer hinder og vurderer risiko.

Tilsette og studentar kan varsle om HMS-avvik, arbeidsmiljø, seksuell trakassering, diskriminering, forskingsetikk og spørsmål som gjeld drift på ei eiga «Sei ifrå»-side. Det blir arbeidd kontinuerleg for å gjere sida kjent.

Utgreiing om arbeidet Høgskulen i Volda gjer for å fremje likestilling og hindre diskriminering, er å finne som elektronisk vedlegg på

<https://www.hivolda.no/om/styringsdokument>.

4.2.5 Avsetningar

HVO har for 2022 satt av 5 % av totale løyvingar til andre formål. I tillegg har vi overført nye midlar til investeringar. Grunnen til at HVO har avsetningar og kan sette av til investeringsformål, skuldast blant anna ubrukte midlar på interne prosjekt, høgare sjukefråver enn forventa og lågare pensjonskostnad enn berekna. I tillegg har HVO høgare BOA-aktivitet i 2022 som gjer at fleire ressursar vert nytta inn mot dette.

Størrelsen på avsetningane vil, etter vårt sitt syn, ikkje påverke HVO si måloppnåing over tid. Auka avsetningar til investeringsformål har mellom anna gjort det mogleg å oppgradera bygningsmassen raskare. Dette har ført til betre læringsmiljø for studentane, noko som er forventa å gi betre måloppnåing.

Oppfølging av Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren 2021-2025

Høgskulen i Volda arbeider aktivt med å implementere system og initiativ som kjem gjennom sektoren frå HK-dir og Sikt, og vi søker å vere representert i alle aktive fora som er relevante i sektoren.

Her kan vi nemne at vi allereie er i gang med arbeidet med innføring av UH Sak. Ei mottaksgruppe er under utnemning, og vi er i gang med å implementere nokon av dei tekniske forutsetningane, slik som IntArk, OrgReg og ROLF. Vi bidreg i sektorinitiativa rundt dette og er representert i relevante forum. Blant anna har vi identifisert at vi kan optimalisere bruken vår av RPA teknologi ved å implementere liknande prosessar i UH Sak, og UH Sak vil truleg kunne erstatta vår bruk av RPA fullt ut.

Vidare så ser vi mykje likskap mellom forutsetningane til UH Sak og UH IAM. Vi arbeider med UH IAM innan grupperinga som heiter

FKS, som består av UiS, HINN, USN og Høgskulen i Volda, og vi er også her representert i relevante forum.

Høgskulen i Volda har innført digital oppmøtereistrering for alle emne med obligatorisk oppmøte, ved å ta i bruk appen Notice of Attendance (NOA). Dette betyr at vi har fått standardisert oppmøtereistrering på ein måte som er konsekvent mellom alle emne og avdelingar, juridisk haldbar, gir ei langt betre oversikt for den enkelte student og ikkje inneber bruk av spesialsydd rekneark og oppmøtelister.

Arbeidslivsportalen, ei sektorløyising for arbeidslivs praksis, har vore pilotert dei to siste åra ved Høgskulen i Volda. Løysinga er no i bruk ved Grunnskulelærarutdanninga og Barnehagelærarutdanninga, sjølv om erfaringane med kvaliteten på og kor eigna systemet er, ikkje er tilfredsstillande. Høgskulen vil i 2023 vurdere om løysinga for oss skal vidareførast eller ikkje.

Læringsverkstaden ved Høgskulen i Volda er ei støttetjeneste og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO. I løpet av siste året har vi styrka denne satsinga og ho er no sjølvgåande som tilbod, og blir vidt nytta av både tilsette og studentar.

Vi har innført forenkla digital signering på dokument som må signerast men som ikkje er arkivpliktige, som til dømes avtalar mellom avdelingar/institutt og fakturakvitteringar. Alt som er arkivpliktig, blir sjølv sagt handtert i P360, med den digitale signaturløysinga frå DigDir som ligg til grunn der.

Vidare jobbar vi med å digitalisere gjenståande skjema der studentane enno må fylle ut papirskjema, gjennom bruk av Nettskjema. Dette ser vi i forhold til UH Sak som er forventa å bli implementert i 2023/24.

Vi er nesten i mål med å flytte bruken av lokale nettverksdiskar ut i nettskya gjennom bruk av Office 365. Dette inneber at vi kan avvikle lokale nettverksdiskar, både fysiske og virtuelle, og med forenkla og forbetra backup-rutinar. Det er forventa at dette vil gi ei betre oppleving for dei tilsette som vil kunne nå filane sine på ein langt meir effektiv og tryggare måte enn tidlegare.

Sjølv om det ikkje er ein uttalt del av digitaliseringsstrategien, har vi etter kvart som arbeidsprossane stiller høgare krav til tryggleik, innført tofaktor-autentisering for tilsette i 2022.

Arbeid med norsk språk

Høgskulen i Volda fekk ros frå Språkrådet for arbeidet med bruk av bokmål og nynorsk i sine kanalar. I rapporten skriv Språkrådet at høgskulen gjer ein «svært god jobb for likestillingen mellom de to norske skriftspråkene. Begge er synlige på nettsidene deres.» Og: «Vi vil rose dere for det gode arbeidet.» Vidare i rapporten peiker Språkrådet på at språkvekslinga er svært god i dei sosiale media høgskulen nyttar. Det står att noko arbeid for å få alle skjema på både bokmål og nynorsk. Språkrådet oppmoda høgskulen om å ta den oppgåva så snart som råd, og det vart gjort gjennom året.

Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt

Høgskulestyret vedtok høgskulen sin andre campusutviklingsplan i september 2020. Denne er å finne på høgskulens nettsider:

<https://www.hivolda.no/om/campusutviklingsplan-hvo-versjon-2>

Campusutviklingsplanen gjeld frå 2020 og framover, og tok utgangspunkt i høgskulen sin strategi 2017–2021. I den nye vedtekte strategiplanen for Høgskulen i Volda 2022–2029 står campusutviklingsplanen sentralt. Styret har hausten 2022 vedtatt ein langsiktig investeringsplan og tiltaka fell godt saman med ambisjonane og satsingsområda i den nye strategien.

Mellom anna har høgskulen ambisjon om å ha «ha eit attraktivt høgskuleområde med læringsarenaer og møteplassar som fremjar innovasjon, digital kompetanse og samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet».

Det er fleire av tiltaka i campusutviklingsplanen som vil støtte opp under dette, mellom anna realisering av Norsk innovasjonssenter, ombygginga av Hans Strøm-huset med fleire opne studentareal og undervisningsrom som legg til rette for studentaktiv læring, og tiltak for å fremje meir miljøvennleg transport til høgskulen, til dømes fleire låsbare sykkelkur og betre garderobefasilitetar.

Ombygginga av Hans Strøm-huset vart av eit slikt omfang at HVO søkte KD om godkjenning av eit kurant prosjekt. Dette vart godkjent i juni, og prosjektet kunne starte opp hausten 2022. Ombygginga og rehabilitering av Hans Strøm-huset blir det største byggeprosjektet det komande året. Prosjektet skal støtte opp under høgskulen sine effektmål for campusutvikling og er no kome godt i gang og er i rute. Det er i planleggingsarbeidet lagt vekt på ombruk av både bygningsmateriell og inventar. Finansieringa av prosjektet er delt mellom høgskulen og Statsbygg, og høgskulen skal finansiere sin del med avsetningar og tildelte midlar frå Kunnskapsdepartementet si ordning for oppgradering av forskings- og læringsareal.



Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Dei overordna framtidsutsiktene for Høgskulen i Volda er gode. Høgskulen har dei siste 10 åra auka talet på studentar frå ca. 3.500 til ca. 4.500 og har ei god blanding av fulltidsstudentar, studentar på samlingsbaserte studium og studentar på reine nettstudium

Møre og Romsdal er eit fylke som ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld andel personar med høgare utdanning, og særleg gjeld det lange høgare utdanningar. Kandidatar frå våre utdanningar er etterspurt i arbeidsmarknaden, både regionalt og nasjonalt. Høgskulen i Volda har difor ei viktig regional, men også nasjonal rolle å spele også i framtida. Det er avgjerande at Høgskulen i Volda viser evne til omstilling, og evner å tilpasse oss dei stadige endringane som skjer i samfunnet rundt oss, både regionalt og nasjonalt.

Høgskulen har også teke på seg nye regionale oppgåver gjennom å etablere lærarutdanning (PPU) i Kristiansund og arbeider også med planar for grunnskulelærarutdanning i samarbeid med Campus Kristiansund. Høgskulen samarbeider også med regionale aktørar om å utgreie nye helsefaglege utdanningstilbod som sjukepleie og vernepleie.

Høgskulen har ein kultur for nøktern drift og har god kontroll på økonomien. Det har blant anna medført at høgskulen har hatt eigne ressursar til nybygg og oppgradering av lokala for undervisning og forskning. I løpet av 2023 vil det aller meste av høgskulens bygningsmasse vere oppdatert og gi eit godt grunnlag for vidare utvikling. Høgskuleområdet og nærliggande areal er også svært etterspurt regionalt med vesentlege satsingar frå det offentlege, frå idretten og frå private aktørar. Høgskulen ønsker å vere ein positiv samarbeidspart i dette arbeidet, blant anna gjennom engasjementet i Norsk Innovasjonssenter AS.

HVO sin visjon er Kompetanse for eit betre samfunn

«Kompetanse for eit betre samfunn» betyr av vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn. Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Ny strategiplan for HVO 2022–2029

I desember 2021 vedtok høgskulestyret ny strategiplan for Høgskulen i Volda 2022–2029. Overordna handlingsplan for HVO er vedtatt av styret i juni 2022, og det er utarbeidd handlingsplanar på kvar avdeling og for Fellesadministrasjonen.

I strategiplanen er det peika ut ti ambisjonar for Høgskulen i Volda fram mot 2030, og fire strategiske satsingsområde som skal prioriterast i første del av strategiperioden (2022–2025) for å nå dei langsiktige ambisjonane:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet
2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga
3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt
4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Strategien skal bygge opp under høgskulens sitt samfunnsoppdrag, visjon, profil og verdier. Vi er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar, som bygger på samfunnsvitenskap og humaniora. Vi utdannar for og forskar på velferdssamfunnet, og vi møter behova i regionen, samstundes som vi er ein nasjonal og internasjonal aktør. Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.

Planar for 2023 og åra framover

HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet

I tråd med Handlingsplanen for HVO vil vi prioritere arbeid med studentmedverknad for å vidareutvikle høgskulen og å skape eit mangfaldig og inkluderande læringsmiljø. Det vil bli arbeidd med ulike tiltak både på fellesnivået og i den enkelte avdeling for å sikre reell studentmedverknad. Vi vil vidareutvikle kvalitetsutvala, mellom anna ved å vidareføre studiekvalitetsarbeidet med fokus på prosess, analyse og studentinvolvering. Det er planlagt fleire avdelingsvise tiltak for å sikre at utdanningane våre har eit inkluderande og mangfaldig læringsmiljø.

Læringsverkstaden vil spele ei sentral rolle i åra framover for å vidareutvikle og skape nye studentaktive arbeidsmåtar som engasjerer og utfordrar studentane, og som også sikrar forskningsbasert undervisning. Dette inneber også å bygge vidare på delings- og utviklingskulturen knytt til undervisning, og forsterke det tverrfaglege samarbeidet. Læringsverkstaden vil også framover vere sentral for å motivere og støtte fagtilsette med å ta i bruk ny læringsteknologi og vidareutvikle mellom anna høgskulepedagogiske kurstilbod.

Læringsverkstaden vil også vere ein læringsarena for studentane som skal bidra til at studentane utviklar kunnskap, kompetanse og ferdigheiter som gjer dei i stand til å møte framtidens utfordringar, mellom anna relevant digital kompetanse.

Ny handlingsplan for internasjonalisering vil bidra til å sette internasjonalisering på dagsorden. Det blir viktig å styrke relevansen til dei internasjonale partneravtalane våre, og samtidig motivere og legge endå betre til rette for reell moglegheit for inn- og utveksling på alle studieprogramma ved HVO.

Tiltak for å integrere berekraftsperspektiv i alle utdanningane våre vil vere viktige i åra framover.

HVO skal ta i bruk aktuelle sektorløyningar for å sikre kvalitet og effektivitet i fag og administrasjon. Her vil UH-sak krevje store ressursar i åra framover for både administrativt og vitskapeleg tilsette, som på sikt skal auke kvaliteten på dei administrative tenestene for studentane og lette arbeidet for tilsette.

Vi kan vidareutvikle høgskuleområdet i samsvar med campusutviklingsplanen for å legge til rette for samhandling og kreativitet, både internt og eksternt, og samtidig styrke utdanning og forskning. Her vil renoveringa av Hans Strøm-bygget og vidare arbeid med Aasen-kvartalet og aktivitet gjennom Norsk Innovasjonssenter AS vere sentralt framover.

HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga

HVO vil i 2023 prioritere arbeidet med å etablere ein ph.d. som gjer oss sjølvakkrediterande på Lærarutdanningane. Søknaden vart sendt til NOKUT innan fristen 1. november 2022, og akkrediteringsprosessen vil krevje ressursar i 2023 frå både vitskapeleg og administrativt tilsette. Særleg vil arbeidet med å utarbeide ein langsiktig kompetanseplan for ph.d.-en vere krevjande.

Det vart søkt om å få akkreditert og etablert Master i barnevernsarbeid innan fristen 15. september 2022. Her er det forventar vi positiv tilbakemelding frå NOKUT som inneber

etablering og oppstart allereie frå hausten 2023. Det vart også søkt om akkreditering av Master i kultur, natur og berekraft hausten 2022. Her vil det også krevje ressursar om akkrediteringssøknaden blir godkjend.

Utarbeiding av kompetanseplanar skal bidra til å sikre langsiktig rekruttering og utvikling av fagkompetanse for heile høgskulen. Det krev langsiktig og systematisk arbeid for å sikre nødvendig rekruttering til HVO.

HVO vil i løpet av 2023 starte eit arbeid med å vurdere korleis vi skal kunne utvikle og auke satsinga på etter- og vidareutdanningstilbod. Arbeidet som er starta med etablering av enkeltemneopptak vil vere ei nødvendig førebuing til ei slik utvikling.

HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt

HVO skal prioritere å identifisere og eventuelt utvikle utvalde forskingsmiljø som har potensial til å bli leiande nasjonalt og hevde seg internasjonalt, og som er strategisk viktige for høgskulen med tanke på HVO sin faglege profil.

I 2023 vil vi vurdere dei ulike interne støtteordningane knytt til FOU-arbeidet ved HVO, med det formål å styrke og spise desse ordningane slik at dei blir meir strategisk orientert og «effektive» når det gjeld å nå målsettingane våre.

Det er etablert ei ordning for at våre tilsette kan ha utanlandsopphald og for å ta i mot gjesteforskarar. Dette er også eit tiltak som vil kunne bidra til å vidareutvikle noverande forskingssamarbeid, og etablere nye forskingssamarbeid med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.

På fagavdelingane er det sett i gang fleire tiltak for å vidareutvikle ein sterkare kultur for forskning og utviklingsarbeid mellom anna gjennom kompetansebygging og mentorordning. Dette er krevjande og langsiktig arbeid som vil måtte ha merksemd over fleire år. Her vil også arbeidet med å vurdere erfaringar med forskingsgruppene, og styrking av dei som ein arena for samarbeid, publisering og formidling vere viktig.

HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

HVO skal i 2023 starte arbeidet med å vurdere satsinga på vår EVU-aktivitet, med det mål å finne gode løysingar for å utvide og vidareutvikle utdannings-, innovasjons- og forskingssamarbeid, særleg med partnerar i det regionale arbeids- og kulturlivet. Her vil arbeidet med å etablere enkeltemneopptak og på den måten legge til rette for gode tekniske og administrative ordningar vere eit viktig førebuande arbeid. Det vil vidare bli igangsett eit arbeid

for å identifisere og synleggjere aktuelle samarbeidspartar og målgrupper.

HVO sitt bidrag til å realisere Norsk innovasjonssenter AS er også viktig her, og gjennom det også legge eit godt grunnlag for å realisere Aasen-kvartalet som vil gi engasjerande og relevante møteplassar med mellom anna arbeids- og næringslivet i regionen.

Ny utviklingsavtale mellom HVO og Kunnskapsdepartementet

I utviklingsavtalen mellom HVO og Kunnskapsdepartementet for perioden 2023 – 2026 er dei strategiske satsingane og handlingsplanen for HVO ytterlegare spissa i 3 hovudsatsingar:

Mål 1: Eit godt og engasjerande læringsmiljø

HVO vil i perioden legge til rette for studentmedverknad og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar. Studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse. HVO vil utvikle eit læringsmiljø der alle kjenner seg inkludert, og utdanningane gir mangfaldskompetanse.

Styringsparametrar

1. Utvikle varierte og studentaktive arbeidsmåtar og relevant digital kompetanse i alle utdanningar.
2. Styrke studentmedverknad gjennom betre involvering av studentane i arbeidet med studiekvalitet.
3. Utvikle læringsmiljøet ved gjennomføring av campusutviklingsplanane.
4. Vidareutvikle det høgskulepedagogiske tilbodet.

Mål 2: Ein fagleg sterk høgskule

HVO vil i perioden arbeide vidare for å heve kompetansen til den einskilde tilsette og til det samla fagmiljøet, og samtidig styrke høgskulen som ein attraktiv og utviklande studiestad prega av ein delingskultur og tilrettelegging for tverrfaglege samarbeid.

Styringsparametrar

5. Arbeide for å oppnå akkreditering av ein ny ph.d. på lærarutdanningane («Utdanning, språk og kultur»).
6. Auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling.
7. Styrke internasjonalt samarbeid.
8. Utvikle ein kompetanseutviklingsplan og ta han i bruk som eit viktig strategisk verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling.
9. Synleggjere fagkompetansen og styrke det tverrfaglege samarbeidet gjennom betre eksternt og intern kommunikasjon.

Mål 3: Ein kompetent region

HVO vil i perioden forsterke og utvide samarbeidet med regionale aktørar for å styrke den samla kompetansen i regionen, særleg Møre og Romsdal.

Styringsparametrar

10. Styrke arbeidsrelevansen gjennom innovasjon og samskaping, særleg med regionale aktørar.
11. Utvikle meir praksisnære utdanningar, og auke omfang og ambisjonsnivå på fagleg utvikling og forskning i samarbeid med praksisfeltet.
12. Prioritere berekraft både i utdanning, forskning, utvikling og drift.



Del VI: Årsrekneskap 2022

Leiingskommentar 2022 for Høgskulen i Volda

1. Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet og med opplysning om eventuelle avvik. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden {SRS} og presentert etter rekneskaps mal for UH-sektoren.

2. Avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap, inkludert omtale av økonomisk drift

Rekneskapsåret 2022 har vore eit tilnærma normalår for HVO, og vi har hatt god aktivitet på mange område.

Driftsresultatet for 2022 er på 9 mill. kroner. Dette gir ein auke i avsetningar som er nærare omtalt i punkt 3 «Utvikling i avrekna løyvingfinansiert verksemd». Driftsresultatet for 2021 låg på 5,9 mill. kroner, medan budsjettert driftsresultat er på -43,4 mill. kroner.

Driftsinntekter ligg på 476,9 mill. kroner mot eit budsjett på 443,8 mill. kroner, ein auke på 33 mill. kroner. Auka i inntekter i forhold til budsjett skuldast i det vesentlege høgare inntekter på Bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd {BOA}, og lågare investeringar enn planlagt. Driftsinntektene i forhold til 2021-rekneskapen har økt med 46 mill. kroner. Auken frå 2021 er knytt til BOA-inntekter, lågare bokførte investeringar og generell auke i løyving.

Den samla Bidrags- og oppdragsfinansiert {BOA} verksemda er for 2022 på 43,6 mill. kroner, som er 13,9 mill. kroner over budsjett og ein auke på 9,3 mill. kroner samanlikna med rekneskapen for 2021.

HVO har hatt høg BOA-aktivitet i 2022 og auka tal på prosjekter. Her ligg det også tilskot til desentralisert studietilbod og auke i andre store prosjekt frå stat, fylke og NFR.

Totale driftskostnader ligg på 467,9 mill. kroner som er 19,4 mill. kroner under budsjett og 42,9 mill. kroner høgare enn 2021 nivået. HVO har lågare lønnskostnadar enn budsjett i 2022, med eit avvik på 17,5 mill. kroner. Avviket mellom rekneskap og budsjett 2022 skuldast sjukefråvær der ein ikkje tek inn vikar, og nokre vakante

stillingar. I dette avviket ligg også ein lågare kostnad på pensjon enn pensjonsprognosane i budsjettet, på om lag 5,6 mill. kroner. Lønnskostnadane er 10,7 mill. kroner høgare enn i 2021, som blant anna skuldast fleire tilsette på HVO og mange stipendiatar i løp.

Andre driftskostnadar ligg under budsjett med 2,8 mill. kroner, men over 2021 nivået med 26,3 mill. kroner. Auken frå fjoråret skuldast auka leigekostnadar på det nye Sivert Aarflot-huset der vi no har hatt eit fullt driftsår, høg aktivitet generelt både når det gjeld reiser, arrangement og drift, samt generelle auke på straum og IT-kostnadar.

Det blir stadfesta at rekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda.

3. Utvikling i avrekna løyvingfinansiert verksemd

HVO hadde ved utgangen av 2022 bokført avsetningar på løyvingfinansiert verksemd på 96,4 mill. kroner. I tillegg har vi 8,8 mill. kroner i øymerka midlar frå I<D. Samanlikna med 2021 tal så er dette ein auke i avsetninga for løyvingbasert verksemd på 8,4 mill. kroner og ein reduksjon i øymerka midlar frå I<D på 5,2 mill. kroner.

Avsetningane for 2022 er på eit tenleg nivå ut frå strategiane og planane til HVO.

Ut frå tabellen kan HVO sette av 5% av total løyving, det vil seie 21 mill. kroner, til andre formål. Avsetningane over 5% er avsett til investeringar og dei vil i all hovudsak gå til rehabilitering av Hans Strøm-huset og HVO sine langsiktige investeringsplanar. Avsetningane til andre føremål skal brukast til HVO sine langsiktige strategiske planar. HVO har i 2022 arbeida fram og godkjent ein strategiplan for 2022-2029. Her ligg mellom anna planar om oppstart av eit Ph.d. studium og fleire andre studium er i godkjeningsprosess.

I tillegg vil mogleg nedskalering av nye studieplassane vi fekk i 2020, gi ein vesentleg økonomisk effekt, som HVO må førebu seg på. HVO opplever som resten av sektoren høg prisauke og høge prisar på straum. Dette medfører at HVO må ha tett økonomisk oppfølging og gjere nødvendige prioriteringar i tida som kjem.

Avsetninger til andre formål og investeringer fra Kunnskapsdepartementet	Bevilgning pr. 31.12.2022	Avsetning pr. 31.12.2022 i kr	Avsetning pr. 31.12.2022 i pst
Avsetninger til andre formål	419 701	20 985	5%
Avsetninger til investeringer	419 701	84 212	20%
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	419 701	105 197	25 %

Vi vil difor legge endå større vekte på oppdaterte tal, prosjektstyring og andre prognosar gjennom året.

4. Gjennomførte investeringar og planlagde investeringar i seinare periodar

Totalt er det bokført investeringar for 18,6 mill. kroner i 2022. Av dette har 14,5 mill. kroner gått til investeringar i normal drift, mellom anna oppgradering av kantina på HVO, mykje AV-utstyr og ordinære vedlikehaldsinvesteringar.

Første delbetaling for HVO sin del av Hans Strøm-huset prosjektet er betalt med 2,7 mill. kroner. Dette er eit rehabiliterings prosjekt og eit samarbeidsprosjekt med Statsbygg, der HVO står for om lag 61% av dei totale kostnadene på prosjektet. Prosjektet skal ferdigstillast i 2023, og HVO har då nye funksjonelle undervisnings- og kontorareal, samt gode og framtidsetta fellesareal for studentane.

HVO har saman med Statsbygg og arkitekt brukt mykje tid på gjenbruke så mykje som mogleg i dette prosjektet. Dette gjeld både byggemateriel! og inventar. Prosjektet har framdrift i samsvar med planen. Vi har god prosjektleiing i Statsbygg og ein entreprenør som viser stor profesjonalitet. Heile prosjektet vil koste HVO om lag 75 mill. kroner inkludert inventar og utstyr.

Etter at dette prosjektet er ferdigstilt, er HVO sine totale avsetningar til investeringar i stor grad brukt opp. Vidare investeringar i tråd med HVO sin langsiktig investeringsplan må kome frå framtidige avsetningar ut over 5%-grensa, eller innanfor den årlege avsette investeringsramma frå løyvinga.

Foreløpig langsiktig investeringsplan vart framlagt og godkjent i styremøte på HVO i desember 2022. Denne er utarbeid med bakgrunn i prognosar for avsetningar for 2022. Investeringsbehovet er vurdert ut frå campusutviklingsplanen som vart vedtatt av høgskulestyret i 2020.

Dei neste åra vil desse investeringane blir prioritert:

- Hans Strøm-huset vil ferdigstillast i 2023.
- Oppgraderingar kring undervisningslokale i fleire av husa våre
- Investeringar til leige av nye lokale til erstatning for små plassbygde trehus

5. Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Volda, 9. mars 2023, Høgskulen i Volda ved styret

Johann Roppen

Randi Myklebust

Inger Østensjø

Mats Ekeberg

Cecilie Røeggen

Geir Terje Ruud

Eirik Søvik

Bodil Palma Hollingsæter

Roar Tobro

Silje Louise Dahl

Irmelin Johanne Angell Losvik

Prinsippnote – SRS – Høgskulen i Volda

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Alle aktiviteteter som årets grunnbevilgning er ment til å finansiere er utført pr. 31.12 og grunnbevilgning fra departementet er dermed ansett som opptjent. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultatteffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved bruksendring, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Det er få pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Disse postene er ikke justert for urealisert valutagevinst/valutatap.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapskapital, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapskapital ved enhetene.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler
Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og

varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser**Selvassurandørprinsipp**

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.



RESULTATREGSKAP (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2022	31.12.2021
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	428 243	391 940
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	37 802	29 606
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	10 584	9 081
Andre driftsinntekter	1	264	250
Sum driftsinntekter		476 893	430 877
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	311 116	300 350
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	20 964	15 076
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	135 815	109 546
Sum driftskostnader		467 895	424 973
Driftsresultat		8 998	5 904
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	21	36
Finanskostnader	6	27	26
Sum finansinntekter og finanskostnader		-6	10
Resultat av periodens aktiviteter		8 992	5 914
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 l	-8 470	-5 588
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapskapital)	8	-522	-326
Sum avregninger og disponeringer		-8 992	-5 914

BALANSE - EIENDELER (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2022	31.12.2021
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	3 131	2 990
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	0
Sum immaterielle eiendeler		3 131	2 990
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	0	0
Maskiner og transportmidler	5	975	1 222
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	67 535	69 828
Anlegg under utførelse	5	0	0
Infrastruktureiendeler	5	0	0
Sum varige driftsmidler		68 510	71 050
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	100	100
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer	11A	0	0
Sum finansielle anleggsmidler		100	100
Sum anleggsmidler		71 741	74 140
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	0	0
Sum beholdning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	5 652	4 042
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	36	1 166
Andre fordringer	14	16 720	13 018
Sum fordringer		22 408	18 226
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	219 255	208 760
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	0	0
Kontanter og lignende	17	0	0
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		219 255	208 760
Sum omløpsmidler		241 663	226 986
Sum eiendeler drift		313 404	301 126
IV Fordringer vedrørende innkrev.virksomhet og andre overfør.			
Fordringer vedrørende innkrev.virksomhet og andre overf. til staten	9	0	0
Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre over. til staten		0	0
Sum eiendeler		313 404	301 126

BALANSE - STATENS KAPITAL OG GJELD (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2022	31.12.2021
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapskapital			
Innskutt virksomhetskapskapital	8	0	0
Opptjent virksomhetskapskapital	8	2 750	2 228
Sum virksomhetskapskapital		2 750	2 228
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet (nettobudsjetterte)	15 I	96 416	87 946
Sum avregninger		96 416	87 946
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler			
	4, 5	71 641	74 040
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	8 781	13 952
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		80 422	87 992
Sum statens kapital		179 588	178 166
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelser			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19	0	0
Sum avsetning for langsiktige forpliktelser		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		34 928	31 469
Skyldig skattetrekk		11 991	11 224
Skyldige offentlige avgifter		10 599	10 842
Avsatte feriepenger		26 852	25 192
Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	28 163	21 452
Mottatt forskuddsbetaling	16	3 632	2 844
Annen kortsiktig gjeld	18	17 652	19 938
Sum kortsiktig gjeld		133 816	122 960
Sum gjeld		133 816	122 960
Sum statens kapital og gjeld drift		313 404	301 126
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10B	0	0
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		313 404	301 126

KONTANTSTRØMOPPSTILLING (tall i 1.000 kr)	31.12.2022	31.12.2021	Budsjett 2023
Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter			
Innbetalinger			
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)	419 701	423 921	435 105
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjett)	0	0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	9 445	7 532	11 492
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer	43 876	29 235	31 750
innbetaling av refusjoner	0	0	0
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0	0
andre innbetalinger	4 295	525	4 300
Sum innbetalinger	477 317	461 213	482 647
Utbetalinger			
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	309 460	296 097	344 274
utbetalinger for kjøp av varer og tjenester	136 300	94 642	130 302
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	118	-397	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0	0
